

	Kommuneplanen sin arealdel 2024-36 - vurdering av innspel					
		Innspelet er tilrådd teke med i planforslaget				
		Innspelet er ikkje tilrådd teke med i planforslaget				
		Vedtak i formannskapet 10.12.2024				
	BJOA					
KU/ROS	Journalnr.	Gnr/Bnr	Grunneigar	Forslagsstillar	Oppsummering av innspelet	Vurdering - tilråding
B01	143	sjøareal		Westcon Yard	Bjoafjorden: testområde fiskefarm	I KU er innspelet ikkje tilrådd teke med vidare. Dette er særleg grunngitt med området si plassering i forhold til Romsa-øyene (friluftsliv og landskap). Innspelsområdet er plassert mellom kartfesta/registrerte interesseområde for fiskeri, og like ved ei bilei. I Planforum 08.05.2024 viste Kystverket til at det kan sjå ut til at anlegget vil bli plassert i konflikt med bileia som går inn til Ølsfjorden og altså vera i konflikt med trafikken til sjøs. Det vart derfor rådd frå denne plasseringa, men for å kunne gjera ei nautisk vurdering trengs meir detaljerte opplysningar. For Westcon er det nødvendig å kunne testa ut og visa anlegget fram for potensielle kundar og myndigheiter. Anlegget må då liggja nærmast mogeleg Westcon sitt anlegg i Ølensvåg. Etter innspel og KU har Westcon skissert ei alternativ plassering (nærare Romsa / større avstand til skipsleia) og spesifisert arealbruk i tid og rom - mindre areal enn i det første innspelet, periodevis bruk (testtid ca. 14 dagar) og ikkje fisk i anlegget. Dette tatt med i vurderingane i ROS-analysen. Kommunedirektøren si vurdering: Innspelet blir teke med vidare.
B02	222	254/25	Thorleif Stener Stensen	Hans Tore Stensen	Utbjoa, Vedvika: frå LNF til turist- og reiselivsføremål	Areal for små hytter med lite fotavtrykk for utleige med føremål å leggja til rette for reiselivssatsing på Bjoa. Arealet er avgrensa mot Vedvika friluftsområde i forhold til innspelet. Området grensar til naturvernområde (skogvern) og det er registert sjeldne lav-arter på tre, særleg i tilgrensande område i sør. Den nedre delen av innspelsområdet er kartlagt som gamal boreal lauvskog med stor verdi. Ev. vidare planar om realisering av tiltaket må omfatta ei detaljert naturkartlegging.
B03		255/247, 274	Granberg AS	Vindafjord kommune	Innbjoa: Frå LNF til næring . Frå næring til LNF på resten av næringsområdet som ligg på 255/274	Utviding av næringsareal for Granberg as i samsvar med gitt delingsløyve. Den delen av næringsområdet som i gjeldande plan ligg på 255/274 blir teken ut.
B04		259/6	Ernst Grønnestad	Vindafjord kommune	Innbjoa: Justera grensa for massetak	Ei endring i samsvar med faktisk situasjon. Etter ferdig uttak skal arealet tilbakeførast til jordbruksareal.
B05		254/75 254/94	Brit U. Andersland Inge Utbjoe	Vindafjord kommune	Utbjoa, Laberget: endra 254/75 og 94 frå LNF til bustad	To bebygde bustadeigedomar som høyrer naturleg til eit tilgrensande område for bustadar.
B06		Div.	Div.	Vindafjord kommune	Apalvik, Molovegen: frå LNF til bustad	Er eit område med spreidde bustadar og hytter med marginal verdi for landbruket. Som byggeområde vil det forenkla søknadar om tiltak, og om fortetting med bustadar. Ligg i gang-avstand til skulen.
B07		261/5	Bente S. Sandsgård, Roald Sandsgård	Folkemøte Vindafjord kommune	Innbjoa ved skulen: frå LNF til husklyngje	Det er behov for varierte tomtetilbod på Bjoa, som er ei bygd med busetjingsomsyn. Området ligg nær skule og barnehage. Alternativ til innspel på 261/3, sjå journalpost 206.
B08	210	255/17	Innbjoa Kai Eigedom AS	Bjørn Johannessen	Innbjoa: frå LNF til bustad	Det er behov for varierte tomtetilbod på Bjoa, som er ei bygd med busetjingsomsyn. Areal for ei husklyngje med mogeleg plass for 3 tomter nord for eksisterande bustadar. Det må setjast av grøntareal på haugen for å sikre uheldig visuell påverknad og tilstrekkeleg avstand til kyrkja.
B09	154	317/34	Askild Eitrheim	Askild Eitrheim	Haugsgjerdet: frå LNF til naustområde	Er ei eksisterande nausttomt med naust som grensar inntil naustområde N29 (gjeldande plan). Naturleg å innlemma denne tomta i naustområdet.
B10	181	261/2, 15	Anne Olaug/Jan Erik/Ove Karlsen, Elin Samland, John Seglem	John Seglem	Grunnavåg nord: Frå LNF til areal for eitt naust	I KU er innspelet ikkje tilrådd å ta med vidare. Dette er grunngitt med at det vil føra til terrenginngrep og leggja beslag på urørt strandsone. Kommunedirektøren: naustet ligg ca. 20 m frå eit anna naust, og altså ikkje i eit nytt urørt område. Det blir samstundes føreslått at N28 (gjeldande plan) blir redusert ved å ta ut arealet mellom eksisterande naust på 261/2 og 261/14 der det er bratt og det ville blitt større terrenginngrep ved bygging av naust. Totalt sett vil det bli mindre terrenginngrep og dei negative konsekvensar for strandsoneverdiane vil bli mindre.
B11	209	255/126	Jørn Hetland	Jørn Hetland	Innbjoa, Steinslandsberget: frå LNF til naust	Areal for eitt nytt naust på 255/126 der det tidlegare har vore eit båtopptrekk. Det blir føreslått å redusera naustområdet på Steinslandsberget like nordanfor, der det er slette fine svaberg.

B12	162	Manglande matrikkel-nummer	Sameige	Arnstein Berge	Apalvik, Hammaren: N27 - opna for 3 nye naust	Det er 3 naustrettar innanfor naustområde N27 (gjeldande plan) tilhøyrande bustadeigedomar i området. I dette naustområdet kan det etter gjeldande plan ikkje byggjast fleire naust. Endra dette til at det kan byggjast 3 nye naust innanfor naustområdet i vest, og kommunedirektøren føreslår at naustområdet blir redusert i aust der det er svaberg.
B13	223	256/9	Thorleif Stener Stensen	Hans Tore Stensen	Bjoa, Steinsland: frå LNF til turisme	Areal for små hytter med lite fotavtrykk for utleige med føremål å leggja til rette for reiselivssatsing på Bjoa.
B14		254/10, 76, 107, 111	Sigurd Utbjoe, Marit Eitrheim, Vindafjord kommune	Vindafjord kommune	Utbjoa, sør for Saltnes - Lasvikane: frå næring til LNF	Dette er næringsareal som vart regulert i 1982 som del av ein større plan som også omfatta omlegging av fylkesvegen til ferjekaien og veg frå denne og sørover langs kysten. Omlegging av fylkesvegen i samsvar med reguleringsplanen og ei større utbygging av næringsareal her synest lite aktuelt. I kommunen er det store næringsareal til sjø på Dommersnes, Raunes og Bergsneset.
				Formannskapet	Utbjoa, sør for Saltnes - Vedvikhaugen: oppretthalda som næringsområde	Vedtak i formannskapet 10.12.2024: Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS: 4. Næringsområdet på Bjoa sør for Utbjøa blir liggande slik det ligg på reguleringsplanen.
		254/102	Vindafjord skogeigarlag	Vindafjord kommune	Utbjoa, Saltnes: frå næring til friområde.	Område med strand og svaberg som bør sikrast for friluftslivet.
				Formannskapet	Utbjoa, Saltnes: oppretthalda som næringsområde.	Vedtak i formannskapet 10.12.2024: Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS: 4. Næringsområdet på Bjoa sør for Utbjøa blir liggande slik det ligg på reguleringsplanen.
	84	255/306	Bjørn Ove Helgesen	Bjørn Ove Helgesen	Apalvik: frå bustad til husklyngje	Ei husklyngje med 3-5 bustadhus. Krav om tomtedelingsplan, men ikkje reguleringsplan. Behov for varierte tomtetilbod på Bjoa, som er ei bygd med busetjingsomsyn.
	5	316/1, 3, 13, 56	Kristian I. Hauge, Sigrid Romsø, Sigvald Romsø, Bjørn L. Breivik, Ingvald Breivik, Sigbjørn Stople, Trine Ø. Stople,	Ole Talberg	Haugsgjerdet, nord for N30: frå LNF til naustområde	Ikkje mogeleg å finna tilfredsstillande tilkomst, utan at det blir for bratt, for nær bekk, over dyrkamark eller gjennom tun.
	32	254/8, 130	Agnar Naustdal, Astri Halvorsen, Ivar Halvorsen, Synnøve Halvorsen Bernt Håvardsholm, Claire Håvardsholm	Agnar Naustdal	Utbjoavågen: frå naustområde til bustad (flytta grensa mellom bustadområdet vest for Utbjøa ferjekai til også å omfatta 254/130 og 8. Endringa vil styrkja næringsgrunnlaget for bnr. 8 - aktuelt å oppgradera eksisterande bygning til utleigestandard eller byggja ny fritidsbustad.	På bnr. 8 står det ei stor eldre sjøbu. Bnr. 130 er ei ubebygdt tomt med opparbeidd kai. Det er bygningen på bnr. 8 som er ynskt å kunne oppgradera til utleigestandard eller riva for å byggja ein fritidsbustad. Bygningen er ei verneverdig sjøbu med sti-tilkomst via bnr. 130. Ev. biltilkomst til ein utleigebustad vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne (del av kulturstien på Bjoa). Å opna for bygging av bustadar lengre vestover enn i dag, vil vera i strid med naustmiljøet i Utbjøavågen, strandsoneverdiane og dei automatisk freda kulturminna knytt til kulturstien.
	48	254/5	Harald Kjærland	Kjell Kjærland	Svollandsneset: frå LNF til fritidsbustadar	Fritidsbustad er ikkje tema i denne revisjonen, ref. planprogrammet.
	127	254/2	Sonja Bjørknes/ Kristian Ressel	Sonja Bjørknes	Utbjoa, Bautavegen: frå LNF til bustad	Arealet ligg i eit stort samanhengande LNF-område på Utbjøa. Frådeling av einskilde bustadtomter i LNF-område blir ikkje vurdert i kommuneplanprosessen.
	48	254/107	Vindafjord kommune	Kjell Kjærland	Utbjoa, Saltnes: frå regulert næring til båthamn/båtoppstillingsplass/ båthotell	Blir ikkje vurdert som eit aktuelt prosjekt.
	139	256/2	Sven Kleppa	Sven Kleppa	Utbjoa, Steinsland: frå LNF til steinuttak	Ligg i nærleiken til bygdeborga/Steinslandssåta som er eit viktig kulturminne og landskapselement. Problematisk å setja av areal til råstoffutvinning, når det er snakk om prøveuttak.
	179	255 17, 57	Innbjoa kai eigedom AS, Ingunn Hermannsen, Berit Johannessen, Bjørn Johannessen, Johannes Johannessen, Åge Johannessen	Bjørn Johannessen	Innbjoa kai: 2 område nord for kaien frå LNF til bustad	Dei to områda som ligg ut mot sjøen bør ikkje endrast til område for bustadar. Desse ligg i 100-metersbeltet langs sjøen. Det meste av arealet er bratt og ikkje eigna for bustadar.
	202	317/1	Tor Inge Thorsen	Trine Sørensen/Joar Thorsen	Haugsgjerdet: frå LNF til naust (utviding av N29)	Er det einaste naustet som er registrert på denne landbrukseigedomen og bør vera eit gardsnaust i LNF.
	206	261/3	Bente/Roald Sandsgård	Sindre Sandsgård	Innbjoa: frå LNF til 3-4 spreidde bustadar	Ikkje mogeleg å finna tilfredsstillande tilkomst. Pga. det bratte terrenget ville det og bli lite areal som kunne byggjast på og store terrenginngrep.
		255/17	Innbjoa Kai Eigedom AS	Vindafjord kommune	Innbjoa, Bjønnes: frå bustad til LNF	Ein liten "kile" som ikkje er eigna for å byggja på, men som er eit viktig landskapselement.
		sjøareal	Vindafjord kommune	Vindafjord kommune	Utbjoa, Saltnes: frå småbåthamn til bruk og vern av sjø og vassdrag	Sjå journalpost 48.
		255/38		Vindafjord kommune	Innbjoa, Hjartåkerfeltet: frå byggeområde til LNF	Areal på Træshaugen, sør for den utbygde delen av feltet. 3 regulerte tomter lengst sør som har vore regulerte sidan 1979. Kommunedirektøren føreslår å ta ut desse og endra arealet til LNF, saman med arealet som ikkje er regulert. Det er framleis fleire ledige tomter i feltet.
		253/3	Torkjell Svalland	Vindafjord kommune	Smedsvik: frå naust til LNF	Bratt terreng der bygging av naust ville medføre større terrenginngrep. Eigedomen har framleis areal innanfor naustområdet, der det er opna for 4 nye naust.

		254/130	Astri Halvorsen, Ivar Halvorsen, Synnøve Halvorsen, Bernt Halvarsholm, Claire Håvardsholm	Vindafjord kommune	Utbjoavågen: frå naust til LNF	Utbjoavågen er tett utbygd med naust og ubebygde areal bør oppretthaldas som opne korridorar. Grunneigarane har naust i området.
		254/23	Asle Solheim, Jorunn Solheim	Vindafjord kommune	Steinslandsberget: frå naust til LNF	Sjå B11. Areal har med flate svaberg der det ikkje bør byggjast fleire naust. Grunneigarane har naust i området.
		255/39, 43, 265	Magne Gjerde, Sigurd Utne, Gerd E. M. Utne, Svein N. Stinessen	Vindafjord kommune	Grønevik: frå naust til LNF	I Grønevik er det bygd mange naust og attverande opne område bør bevarast som korridorar mot sjøen og stranda. Grunneigarane har naust i området.
		255/39	Magne Gjerde	Vindafjord kommune	Grønevik: frå naust til LNF	I Grønevik er det bygd mange naust. Areal i aust har svaberg som bør bevarast av omsyn til landskap og friluftsliv. Grunneigar har naust i området.
		255/40	Lene H. Kleppestø, Roald Kleppestø	Vindafjord kommune	Apalvik: frå naust til LNF	Lita trekant-tomt der det ikkje vil vera mogeleg å føra opp naust utan utfylling i stranda. Grunneigarane har naust i området.
		??	sameige	Vindafjord kommune	Apalvik: frå naust til LNF	Sjå B12. Areal med svaberg på Hammaren. Blir nytta som friluftsområde
		261/2	Jan Erik Karlsen	Vindafjord kommune	Grunnavåg: frå naust til LNF	Sjå B10. Bratt areal der bygging av naust ville medføre store terrenginngrep.
		317/14	Birte Hauge, Torgeir Hauge, Toril H. Totland, Eli D. H. Westrheim	Vindafjord kommune	Hauge/Ekeberg: frå naust til LNF	Eit smalt landareal mellom dyrkamark og sjøen. Bygging av naust ville medført utfylling i ei sandstrand. Grunneigar har naust i området. Det er opna for 4 nye naust sør for stranda, i samsvar med talet på frådelt tomter.
		316/21	Sigbjørn Flesjå	Vindafjord kommune	Halevik: frå naust til LNF	Eit smalt landareal mellom dyrkamark og sjøen. Bygging av naust ville medført utfylling i stranda. Grunneigar har naust i området og det er opna for 1 nytt naust i området.
IMSLAND						
KU/ROS	Journalnr.	Gnr/Bnr	Grunneigar	Forslagsstillar	Oppsummering av innspelet	Vurdering - tilråding
IM01		84/1	Svein Cato Birkeland	Folkemøte Vindafjord kommune	Ølmedal, langs vegen til Imslandssjøen: frå LNF til næring	Aktuelt som eit lokalt næringsområde i Imsland. Ligg i kort avstand til fylkesveg. Kan erstatta næringsareal som blir teke ut på andre sida av elva. Sjå innspel frå grunneigar (gnr./bnr. 84/4).
IM02		93/1	Åse Breiland Frøvik	Vindafjord kommune	Frøvik: frå massetak til LNF og frå LNF til massetak	Arealet for massetak er avgrensa til faktisk og aktuelt areal. I gjeldande plan er avsett areal stort og samsvarar ikkje med dagens situasjon, men har areal med fulldyrka mark og innmarksbeite.
	6	98/1 m/fl.	Lars Bernhard Skipevåg m/fl.	Lars Bernhard Skipevåg	Skipavåg: frå LNF til fritidsbustad	Fritidsbustad er ikkje tema i denne revisjonen av KPA, ref. planprogrammet.
	36	84/8	Tore Øvergård	Imsland grendautval	Ølmedal: frå LNF til næring	Er ikkje ynskt av grunneigar, som derimot ynskjer å ta ut næringsarealet som er avsett i gjeldande KPA og endra det til LNF. Sjå innspel frå grunneigar (gnr./bnr. 84/4).
	36	72/1,2	Leif Bjarne Olsen	Imsland grendautval	Ølmedal: frå LNF til næring	Næringsareal bør lokalisrast meir sentralt i/ved Ølmedal.
	36	86/2	Anne Kristin Leinebø	Imsland grendautval	Kvaløy: frå LNF 2 til næring	Næringsareal bør lokalisrast meir sentralt i/ved Ølmedal.
	93	96/1	Gunnleiv Nybru	Gunnleiv Nybru	Våga: frå LNF til næring	Næringsareal bør lokalisrast meir sentralt i/ved Ølmedal.
	149	95/2, 6	Tomas Finnvik, Mowi ASA	Mowi ASA	Våga: frå LNF (regulert til friluftsområde) til næring (oppdrett)	Dette er allereie gjort som ei endring av reguleringsplan for området. KPA blir oppdatert i samsvar med det.
	150	96/1	Gunnleiv Nybru	Mowi ASA	Våga: LNF - nytt kryss med utfylte massar	Dette er allereie gjort som ei endring av reguleringsplanen for området. KPA blir oppdatert i samsvar med det.
		84/1	Svein Cato Birkeland	Vindafjord kommune	Ovanfor Imslandssjøen: frå bustad til husklyngje og LNF	Bustadbehovet i området tilseier at ei husklyngje med ein enklare plan/planprosess vil vera tilstrekkeleg i planperioden.
		92/1,2,3,4	Karl Aksland, Anette Haraldseid, Lars Skogen, Ingunn Lise/Sigmund Espevold	Vindafjord kommune	Aksland: frå næring til LNF	Området har vore sett av som næringsområde i KPA heilt tilbake til "gamle Vindafjord" (2003). Blir vurdert å vera uaktuelt til dette føremålet, både ut frå plassering og storleik.
		84/8	Tore Øvergård	Tore Øvergård	Ølmedal: frå næring til LNF	Skogen i området er no hogd og grunneigar har omgjort arealet til beite. Sjå journalpost 6.
		73/4	Torhild Hiim Aksland	Vindafjord kommune	Ølmedal: frå bustad til LNF	Stor del av arealet er bratt og ikkje eigna for utbygging. Flataste partiet er innmarksbeite.
SANDEID						
KU/ROS	Journalnr.	Gnr/Bnr	Grunneigar	Forslagsstillar	Oppsummering av innspelet	Vurdering - tilråding
SA1	1	30/1	Astri Kristin Viland	Astri Kristin Viland	Ilsvåg: frå LNF til bustadtomter (4 stk.)	Ta inn dette området som nytt areal for ei husklyngje. Kommunedirektøren føreslår samstundes å ta ut areal på 30/16 som ligg lengre mot nordaust. Nytt areal er mindre bratt og har lettare tilkomst. Sjå innspel nedanfor frå kommune.

SA02	26	27/5	Olav Ramsfjell	Olav Ramsfjell og Inga og Roald Apeland (to like innspel) Folkemøte	Strand: frå LNF til bustad	Ei lita utviding av bustadfeltet på nedsida av fv. 46 på Strand. Har opparbeidd avkjørsel og det er g/s-veg frå Strandsvegen mot sentrum. Fortau fram til g/s-vegen er under planlegging i reguleringsplanen for fv. 46 Sandeid - Vikedal.
SA03	37	13/4	Brynjulf Helgevold	Brynjulf Helgevold Folkemøte	Østbø: frå LNF til bustad	Arealet ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt, men må ha eiga avkøyring frå fv. 46. Ligg ikkje langt frå sentrum og har g/s-veg.
SA04	34	28/2	Bjørn Terje Helgevold	Bjørn Terje Helgevold Folkemøte	Sandhammar: frå LNF til næring	Område der det tidlegare sto ein stor driftsbygning (grisehus). Plassering og avstand til Sandeid sentrum tilseier at næring her ikkje skal vera publikumsretta/ besøksintensiv, men at området kan nyttast til lettare sjørelatert verksemd.
SA05	50,53	7/11	Forehaug eiendom as	Kjell Arne Vestbø	Forehaug: frå LNF til næring	Tidlegare driftsbygning i landbruket (fellesfjøs), der største-delen er teken i bruk som lager for bubilar m.m. Kan bli sett av til næring, som ikkje skal vera publikumsretta/besøksintensiv.
SA06	180			Fokus Sandeid v/ Rune Furseth Folkemøte	Sandeid sentrum: frå ferdseil til småbåthamn	Det er regulert ei småbåthamn i området og det er sett av areal til dette i gjeldande KPA. Forslaget vil opna for ei utviding av småbåthamna mot vest og for å forlenga kaien/moloen utover i aust. Endringa vil ikkje opna for tiltak i sjølve elveløpet, men forholdet til elveosen må avklarast nærare.
SA07	230	sameige	fleire	Ølen idrettslag	Tursti Olalia - Rus	Innspelet gjeld ein grusa 1,5 m brei turveg frå Olalivegen til kommunegrensa mot Etne kommune. Må sjåast i samanheng med tilsvarande innspel i Etne. Det har blitt opplyst at regionale myndigheiter i Vestland har akseptert at turvegen kan leggjast inn i kommuneplanen. På denne føresetnaden blir turvegen også lagt inn i Vindafjord med krav om reguleringsplan.
SA08	27	30/18	Linda Skaar	Linda Skaar	Ilsvåg: frå LNF til ei nausttomt	Er ei frådelt nausttomt som del av ein bustadeigedom på andre sida av fylkesvegen. Det blir føresett at det ikkje skal opparbeidast kjøreveg til fram til naustet, men at tilkomsten må løysast med ein enkel sti.
	20, 25, 85	33/5	Børge Kaldheim	Børge Kaldheim	Skigelstrand: frå LNF til 2 område for rorbuer	Utleigehytter i strandsona ("rorbuer") føreset at skal driftast som næring. Erfaring tilseier at det i Vindafjord har vore vanskeleg å driva slike konsept rekningsssvarande og at hyttene blir privatiserte og næringsaspektet blir borte.
	52	29/6, 27	Kent-Ove Kristiansen, Kjell Arne Vestbø	Kjell Arne Vestbø	Ilsvåg: Frå regulert friluftsområde til naust	Er regulert til friluftsområde. Tilliggjande område blir no bygd ut med hytter/"rorbuer" og småbåtanlegg. Bør oppretthalda området med strand som friluftsområde for brukarane av desse og allmenta.
	65	26/1	Liv Håland	Liv Håland	Hålandsbakken: frå LNF til bustad	Bratt areal på fulldyrka mark. Kan vera utfordrande byggjegrunn, då området er registrert med lausmassestypen breelavsetning som kan vera svært djup. Fylkesvegen i Hålandsbakken er smal, bratt og svingete.
	89	27/7	Erik Havrevoll	Erik Havrevoll	Strand: frå LNF til naust	Arealet er ein del av naustområde N69 (gjeldande plan) og grensar inntil regulert naustområde i nord. I kommunedirektøren sin gjennomgang av naustområda blir det føreslått å redusera naustområdet slik at det berre blir opna for eitt naust.
	123	30/21	Ragnar Stuhaug	Ragnar Stuhaug	Ilsvåg: frå LNF til naust. Ei lita justering av eksisterande naustområde.	Er ei justering av naustområde N64 (gjeldande plan) slik at heile dei to eksisterande tomtene 30/30, 30/31 og ei framtidig ny tilliggjande tomt ligg innanfor naustområde.
	145	29/3	Sindre Tjøstheim	Sindre Tjøstheim	Ilsvåg: frå LNF til naust og småbåthamn	Sjå journalpost 52. Mykje av tilliggjande strandområde er bygd ut. Arealet bør oppretthaldast som LNF.
	155	34/1	Kjell Inge Haavik, Lars Emil Haavik, Sigwe Haavik, Karen Lovise Reiestad	Kjell Inge Haavik	Sandvik: frå LNF til energianlegg	Innspelet gjeld areal for eit solcelleanlegg på ca. 27 daa med ein tilhøyrande ca. 200 m lang anleggsveg frå eksisterande veg. Det er bygd eit vasskraftanlegg i nærliggjande område, der det er lagt ein høgspenkabel berre nokre hundre meter frå innspelsområdet, så nettilknytning kan vera løyst. Sjølve arealet er eit relativt flatt fjellparti med skrinns skogsmark. Med unntak av veg, kraftverk og bygningar i Sandvik og på Elvaneset er området del av eit større kyst- og fjellområde med nesten ingen inngrep. Torstveit naturreservat (skogvern) ligg vest for området og det er registrerte eit inngrepsfritt område (INON) langs kysten sør for Sandvik. Store solcelleanlegg bør i utgangspunktet plasserast på eller nær "grå" eller bearbeidde areal og ikkje i fjerntliggjande utmarksområde slik som dette.
	158	27/3	Helge Miljeteig	Helge Miljeteig	Strand: frå LNF til bustad	Bustadbygging her vil vera å "strekka" bygda for langt med ei større utbygging her. Det er g/s-veg ut til Strandsvegen, men denne vegen er smal og bratt. Mellom Strandsvegen og fylkesvegen på eigedomen er det bratt og på oversida av Strandsvegen er det dyrkamark.
	183	14/4	Ola Vestbø	Ola Vestbø	Bala: Deponi	Areal bør framleis vera LNF-område etter ev. deponering av massar.
	203	29/2	Roald Kaldheim	Bo-plan Skeie for Roald Kaldheim	Ilsvåg: frå friområde og naust til LNF	Området mellom naustområdet og fylkesvegen har liten verdi som friområde og kan endrast til LNF. Kommunedirektøren føreslår samstundes å redusera naustområdet med ca. 20 m i aust og endra også dette arealet til LNF.
		30/16	Leif Arne/Solveig Klungtveit	Vindafjord kommune	Ilsvåg: frå bustad til LNF	Arealet er dyrkamark, ligg høgare og har vanskelegare tilkomst enn arealet som er føreslått teke inn. Sjå SA1.
		11/5, 6, 9	Jan Egil Skeie, Ingeborg J. Skeie, 12 eigarar	Vindafjord kommune	Skeie: frå bustad til LNF	Arealet er bratt og har utfordrande grunnforhold. Er ikkje er eigna som byggjeareal

		1/4, 2/6	Johannes Helgevold, Henry Alvseike	Vindafjord kommune	Steinsland aust: frå næring til LNF	Er areal med myr og dyrkamark. Kommunedirektøren rår til å endra dette til LNF av omsyn til jordvern og ivaretaking av myr som naturtype og karbonlager, jf. nasjonale føringar. Det blir no opparbeid næringsareal på andre sida av fylkesvegen.
		31/3, 16, 17, 19, 20, 37, 40, 48	Børge Kaldheim, Ove Kaldheim, Arvid Henry Staupe, Kjell Jørgen Staupe, Heine Gjermundsen/Torill Ihle, Jan Paul Torsteinbø, Kari H. S. Berg Larsson, Bergit Kaldheim	Vindafjord kommune	Ilsvåg kai: frå fritidsbustad til bustad, naust og LNF.	Av dei 5 husa i området er 3 registrerte som bustadhus og 2 som "hus tekne i bruk som fritidsbustadar". Arealet der det ligg naust blir endra til naustområde og eit areal i sør blir endra til LNF. Ei endring i samsvar med faktisk situasjon.
		32/1	Øyvind Torsteinbø	Vindafjord kommune	Ilsvåg: Frå naust til LNF	Området er regulert til jordbruk, men sett av til naust i gjeldande plan med krav om at nye naust skal plasserast inntil eksisterande naust i vest. Seinare er det gitt løyve til å dela frå 3 nausttomter i aust, som ikkje ligg inntil eksisterande naust. Det mellomliggjande arealet blir derfor endra tilbake til LNF i kommuneplanen.
		31/17	Arvid H. Staupe, Kjell J. Staupe	Vindafjord kommune	Ilsvåg: frå fritidsføremål til LNF	Sjå 31/16, 17, 20, 37 ovanfor, der område er endra frå fritidsbustadar til bustadar i samsvar med faktisk situasjon. Arealet lengst i vest blir endra til LNF, då det ikkje vil vera eigna for bygging av bustad pga. terrenget, nærleik til fylkesvegen og tilkomst.
		29/2	Roald Kaldheim, Margreta Solland	Vindafjord kommune	Ilsvåg: frå naust til LNF	Sjå 203
		12/3	Jan Egil Skeie	Vindafjord kommune	Vestbø: frå naust til LNF	Området er regulert til naust og i samsvar med det sett av til naustområde i gjeldande kommuneplan. Området ligg del på dyrkamark og dels på strandareal og blir føreslått endra til LNF. Grunneigar har naust i området.
		12/11	Johannes Vestbø	Vindafjord kommune	Vestbø: frå naust til LNF	Arealet er regulert til jordbruk, men sett av til naust i kommuneplanen. Blir føreslått endra tilbake til LNF og omfatta garden sitt eksisterande naust.
		12/6	Lars Vestbø	Vindafjord kommune	Vestbø: frå naust til LNF	Arealet er regulert til jordbruk, men sett av til naust i kommuneplanen. Blir føreslått endra tilbake til LNF og omfatta garden sitt eksisterande naust.
		27/8	Gro Staveland	Vindafjord kommune	Strand: frå naust til LNF	Strandarealet i området er bebygd med mange naust og bør ikkje tettast heilt. Grunneigar har naust i området.
		27/7	Erik Havrevoll	Vindafjord kommune	Strand: frå naust til LNF	Sikrar areal for eit naust til eigedomen, men pga. terrengforhold bør det ikkje byggjast meir. Har tilkomstveg via regulert område i nord.
SKJOLD						
KU/ROS	Journalnr.	Gnr/Bnr	Grunneigar	Forslagsstillar	Oppsummering av innspelet	Vurdering - tilråding
SK01	193	166/236	Egil Otto Haakull	Egil Otto Haakull	Isvik hageby: frå friområde til bustad	Når kraftlinjene blir lagt ned, opnar det for bruk av arealet til bustad. Området ligg sentralt i tilknytning til etablerte bustad-område, med gangavstand til sentrum (Isvik) og skule, barnehage, idrettsanlegg (Vikaneset).
SK02	193	166/83	Egil Otto Haakull	Egil Otto Haakull	Isvik hageby: frå friområde til bustad	Når kraftlinjene blir lagt ned, opnar det for bruk av arealet til bustad. Området ligg sentralt i tilknytning til etablerte bustadområde, med gangavstand til sentrum (Isvik) og skule, barnehage, idrettsanlegg (Vikaneset).
SK03	192 erstattar 107	164/4	Knut Åge Knutsen	Knut Åge Knutsen	Trovåg sørvest: frå LNF til 6-7 bustadar	Arealet ligg i tilknytning til Trovågfeltet og kan ha tilkomst via feltet eller frå vegen til bustadhuset på 164/4. Alle tomtene i Trovågfeltet og Trovågfeltet nord er selde.
SK04	212	168/34, 90	Magnar Frøyland, Gunnvor Langeland, Torstein Langeland	Vindafjord kommune	Skjoldali: frå off./privat tenesteyting til bustad	Er ikkje nødvendig og aktuell tomt for barnehage. Det blir lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kapasitet i barnehagen på Vikaneset i planperioden.
SK05	59	164/3	Jone Tveit	Ark. Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet) for Jone Tveit	Haraldseidvågen: frå LNF, næring, bustad, naust, småbåthamn til kombinert bustad/fritidsbustad /tenesteyting/ fritids- og turist/ næring, naust, småbåthamn og grøntstruktur?	Eigar har planar om, og er allereie godt i gang med, å ta vare på kulturmiljøet knytt til det historiske bygningsmiljøet i Haraldseidvågen. Ved å kunne nytta eigedomen til fleire føremål, vil dette gje grunnlag for drift og aktivitet m.a. knytt til kultur- og naturbasert reiseliv m.m.
SK06	114	154/1	Marit Rimestad	Eskild Kvala for Magnar Fjeldheim	Fjellheim: frå LNF til råstoffutvinning	Det er gitt dispensasjon for prøveuttak av stein og uttak pågår. Vidare drift i samsvar med forslaget føreset utarbeiding av reguleringsplan, med krav om at arealet skal tilbakeførast til landbruk etter avslutta uttak. To mindre areal med dyrkamark er tekne ut i forhold til innspelet.

SK07	151 og 38	162/9	Magnar Frøyland	Ark. Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet)/Magnar Frøyland	Haraldseidvågen: frå LNF til utleigenaust og rorbu, oppstillingsplass for bubil og servicebygg	I KU er innspelet ikkje tilrådd teke med vidare med grunngjeving at det slår negativt ut på landskap og strandsone, at det finst alternativt areal utanfor strandsona, og omsynet til areal og transport blir vurdert å ha stor negativ verknad. Kommunedirektøren si vurdering: Haraldseidvågen har potensiale for natur- og kulturbasert reiseliv, og innspelet kan byggja opp under kommunen som reiselivsdestinasjon og leggja til rette for eit lokalt basert reiseliv basert på oppleving av natur og kultur. Den påreknelege auka biltrafikken som vil følgja av ei utbygging, vil vera av eit omfang som ikkje tilseier at ei slik satsing ikkje kan tillatast. Krav om reguleringsplan før utbygging. Det blir rådd til at innspelet blir teke med. Sjåast i samanheng med SK08.
SK08	151 og 38	162/9	Magnar Frøyland	Ark. Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet)/Magnar Frøyland	Haraldseidvågen: frå LNF til fritids- og turistføremål, kolonihage, utleige, næring	I KU er innspelet ikkje tilrådd teke med vidare med grunngjeving at det slår negativt ut på fleire tema, særleg landbruk og areal og transport. Kommunedirektøren si vurdering: Haraldseidvågen har potensiale for natur- og kulturbasert reiseliv, og innspelet kan byggja opp under kommunen som reiselivsdestinasjon og leggja til rette for eit lokalt basert reiseliv basert på oppleving av natur og kultur. Areal ligg utanfor kjerneområde landbruk og den påreknelege auka biltrafikken som vil følgja av ei utbygging, vil vera av eit omfang som ikkje tilseier at ei slik satsing ikkje kan tillatast. Det blir rådd til at innspelet blir teke med, men med redusert utstrekning (strandsona i nord blir liggande utanfor). Krav om reguleringsplan. Sjåast i samanheng med SK07.
SK09	60	158/2, 41	Jone Tveit	Ark. Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet) for Jone Tveit	Liaheia: frå LNF til næring	Det vart gitt løyve til uttak av massar for å byggja landbruks-bygning (driftsbygning). Massane er tekne ut, men planane om eit landbruksbygg er ikkje lenger aktuelle. Arealet er opparbeidd og ligg til rette for å nyttast til næring. Plassering og avstand til Skjold sentrum tilseier at næring her ikkje skal vera publikumsretta/besøksintensiv.
SK10	190	184/3 og sjøareal	Trond Skogen	Trond Skogen/Frøfisk	Sagi: større areal for oppdrett, på land og i sjø.	Landarealet er LNF sone 2 i gjeldande plan. Arealet på nordsida av elva er fullt utbygd og anlegget. Behov for meir areal for oppdrettsanlegget. Er viktig for leggja til rette for at lokalt næringsliv kan vidareutvikla seg. Krav om reguleringsplan før utbygging.
SK11	215	162/12	Jarle A. Apeland, Astri Håkull, Geir Ø. Håkull, Venke B. S. Skarestad	Vindafjord kommune	Toraneset: frå LNF til off.tenesteyting	Aktuell trase for avløpsleidning frå kommunalt reinseanlegg.
SK12	15	166/8	Arne Ødegård	Arne Ødegård Folkemøte	Isvik: frå LNF til sentrumsføremål	Ei utviding av sentrumsområdet i Isvik mot nordvest. I dag er området eit planteutsal (Ødegård). Dette er under avvikling. Detaljar i framtidig bruk av området må avklarast gjennom reguleringsplan.
SK13	208	185/1	Terje Kleiven	Terje Kleiven	Longalandsvik: Frå LNF1 til LNF spreidd næring	Det er etablert ein serveringsstad (restaurant) med utgangspunkt i ressursar frå garden og lagt til rette for tilkomst både frå sjø og land. I området kan det leggjast til rette for å vidareutvikla eit lokalt basert føretak innanfor småskala turisme og reiseliv. Dette vil byggja opp under kommunen som reiselivsdestinasjon.
SK14	109	164/4	Knut Åge Knutsen	Knut Åge Knutsen	Trovåg sørvest: frå LNF og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørande strandsone til naust og småbåthamn.	Det er allereie sett av tilstrekkeleg areal for naust her i gjeldande plan. Vil vera behov for eit småbåtanlegg knytt til naustområdet. Nausta og småbåtanlegget er planlagt knytt til nye bustadar på sørsida av Trovågfeltet (SK03). Krav om reguleringsplan for naustområdet og småbåtanlegget. Tilkomstveg til området via same veg som til eksisterande naustområde i nord.
SK15	118	157/15	Nils Olav Hjelmeland	Nils Olav Hjelmeland	Brevik: frå LNF til naust	Plass til 2 naust på allereie bearbeidd og planert areal ved enden på veg.
SK17		164/3	Jone Tveit	Ark. Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet) for Jone Tveit	Haraldseidvågen: frå LNF til naust (to doble og eit enkelt)	Areal til erstatning for tilliggjande naustområde N6 (gjeldande plan) i nord, det er brattare og meir ulendt terreng med behov for større landskapsinngrep. Vil liggja i tilknyting bygningar og kaiar i området og vil inngå i reguleringsplanen for dette området, sjå SK09.
SK18		164/3	Jone Tveit	Ark. Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet) for Jone Tveit	Haraldseidvågen: frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone til småbåthamn.	Dette er ei mindre utviding av arealet for småbåthamn i gjeldande plan, som ei tilpassing i forhold til arealet på land (eit naust et flytta hit frå ein plass lengre nord. Arealet vil Inngå i reguleringsplanen som skal utarbeidast, sjå SK05 . Det blir samstundes gjort ein mindre reduksjon av arealet for småbåthamn som ligg i gjeldande plan.
SK19	218	181/4	Edvin, Morten A, Torbjørn A. Schei	Torbjørn Schei	Sagi : frå LNF1 til LNF2.	Det er frå før sett av eit areal for spreidde bustadar (LNF-sone 2) i gjeldande plan. Det nye området grensar inntil dette. I KU/ROS er det teke utgangspunkt i 5 nye hus i innspelsområdet, men kommunedirektøren vurderer at det vil vera tilstrekkeleg med inntil 5 nye bustadhus i heile LNF-2-området.
	193	166/230, 236,	Egil Otto Haakull	Egil Otto Haakull	Isvik hageby: Frå bustad til LNF og frå friområde til bustad	Området er regulert til bustadar, men grunneigar ynskjer "buffer" mot tunet på garden. Kommunedirektøren føreslår å ta ut areal, men ikkje dei regulerte tomtene som ligg til VEG G på vestsida, for å kunne ha tomter på begge sider av vegen og ei betre arealutnytting. Det vil framleis vera mange regulerte ubebygde tomter her.
		166/83				Det regulerte friområdet i nordaust bør ikkje endrast til bustad. Dette er ein "topp" i terrenget som bør oppretthaldast som friområde i tilknyting til bustadfeltet.
	8	163/1	Ole Andreas Haraldseid, Trine Eliassen	Ole Andreas Haraldseid, Trine Eliassen	Haraldseidvågen: frå LNF til naust (to doble og eit enkelt)	Fjøresona ikkje er brei nok til å plassera naust med ein vanleg storleik og bygging av naust vil anten medføra inngrep i dyrkamark eller utfylling i sjøen. Begge delar er uheldig.
	21	149/17	Stein Alendal	Stein Alendal	Tosvoll: Frå LNF til fritidsbustadar (5 stk.)	Fritidsbustad er ikkje tema i denne revisjonen, ref. planprogrammet.

	40	161/2	Haugesund sanitetsforeining	Eurojuris for Haugesund sanitetsforening	Kallstveit: frå LNF til fritidsbustad	Fritidsbustad er ikkje tema i denne revisjonen, ref. planprogrammet.
	41	168/71	Kristian Langeland, Malin N. Knutson, Valborg I. Dagsland	Kristian Langeland, Malin N. Knutson, Valborg I. Dagsland	Skjoldali: frå grøntstruktur til bustad på heile eigedomen	Delar av arealet er regulert til veg mellom Isvik hageby og Skjoldali, og til friområde. Arealføremål bør avklarast i områdeplan for Skjold.
	60	158/1	Jone Tveit	Ark. Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet) for Jone Tveit	Liaheia: frå næring til LNF	Arealet ligg mellom E134 og ei etablert bedrift. Bør oppretthaldast som næringsareal for ev. utviding av denne eller for anna næringsverksemd. Har etablert god avkøyring frå E134. Kan nyttast som kulturbeite inntil ev. utbygging blir aktuell.
	76,174	169/1	Anne Flater, Sverre Jacobsen	Sverre Jacobsen	Nygård: Frå forretning, privat/ offentlig tenesteyting og friområde til LNF, dvs. heile garden til LNF	Gjeldande reguleringsplan er heilt utdatert. Stort areal ligg i KPA til forretningsføremål, men er ikkje aktuelt som det og bør endrast.
						Friområdet langs elva/bekken bør oppretthaldast, då dette er gjennomgåande heilt ned til sjøen. Kommunedirektøren tilrår at området på vestsida av bekken vert vidareført som privat/ offentlig føremål (tenesteyting). Det er knapt med areal for vidare utbygging og parkering / trafikkareal i tilknytning til skulen, barnehagane, Skjold arena og idrettsanlegget.
	91	161/18	Jaso Eigedom as	Espen Vestbø	Isvik: frå næring til næring/forretning	Er regulert til industri for "produksjon- og serviceverksemd". Området ligg heilt i utkanten av Isvik, mellom E134 og sjøen. Arealet er smalt og er ikkje eigna for areal til forretning, med unntak av ev. utsal direkte knytt til verksemda. Dette kan skje innanfor dagens arealføremål.
	108	164/4	Knut Åge Knutsen	Knut Åge Knutsen	Trovåg søraust: frå LNF til bustad/næring	Stort område med areal klassifisert som fulldyrka mark, innmarksbeite, myr og skog mellom fylkesvegen og Malasetvatnet. Blir ikkje vurdert å vera aktuelt areal for bustadar og næring. Dette bør lokaliserast nærare meir sentralt.
	110	338/82	Knut Åge Knutsen	Knut Åge Knutsen	Trovågakrysset: frå fritids- og turistformål til bustad	Bustadar i Trovågområdet bør lokaliserast som utviding av Trovågfeltet. Sjå SK03
	113	161/5	Laurits Strand	Laurits og Arne Strand	Isvik: frå næring til bustad/ fortetting/ industri/ lager/ sjøhus	Er regulert til industri (produksjon- og serviceverksemd). Dette omfattar industri og lager. Området ligg heilt i utkanten av Isvik, mellom E134 og sjøen og er ikkje eigna som areal til forretning og bustad m.a. på grunn av tilkomst og støyforhold. Bør oppretthaldast i som næringsareal.
	117	157/15	Nils Olav Hjelmeland	Nils Olav Hjelmeland	Brevik: frå LNF til naust	Er eit urørt område utan vegtilkomst, med grunt sjøområde utanfor. Lite eigna som naustområde.
	119	156/2, 4, 5	Elin M. Larsen, Nils Olav Hjelmeland, Svein H. Kringlebotn	Nils Olav Hjelmeland	Svinakleiv: Frå næring/tenesteyting til LNF	Er ikkje aktuelt for næring og tenesteyting. Vart i si tid lagt inn i KPA som areal for meieri og fengsel.
	135	169/21	Aslaug Kristoffersen	Sverre Jacobsen	Nygård: frå LNF til bustad	Er i ettertid kjøpt av Reed (eigarar av drivhusa) og bør oppretthaldast som LNF.
	142	162/67	Martin Johan Frøyland	Martin Johan Frøyland	Haraldseidvågen: frå LNF til LNF-2	Pga. lokalisering (avstand til skule/barnehage/ butikk) og vegforhold bør det i planen ikkje opnast for bustadbygging, heller ikkje som LNF-sone 2 eller husklyngje. Erfaring tilseier at ev. slike tomter kan bli nytta som hyttetomter.
	151	162/9	Magnar Frøyland	Ark. Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet)	Haraldseidvågen: frå naust til naust og rorbu i næring og bruk og vern av sjø til småbåtanlegg	I gjennomgangen av naustområda er det rådd til at naustområde N3 (gjeldande) plan blir delt og at området mellom den lange piren i nord og hytteanlegget på 162/53 blir endra til LNF for å ta vare på dette strandområdet.
	151	162/9	Magnar Frøyland	Ark. Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet)	Haraldeidvågen: frå LNF til bustad, "livsstilseigedom"	Dette føremålet kan inngå i LNF.
	151	162/9	Magnar Frøyland	Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet) for Magnar Frøyland	Haraldseidvågen: frå LNF til næring - framtidig utviding for HIM	Det er nok areal sett av til avfallsanlegg i denne planperioden, både regulert og uregulert.
	159	1147/1, 2	Roald Haraldseid, Ruth Dagsland Håvardsen	Roald Haraldseid, Hilde Aartun Haraldseid, Ruth Dagsland Håvardsen, Tor Olav Håvardsen	Måkefjellet: frå LNF til vindkraft	Det blir ikkje sett av areal til dette føremålet i KPA no. Søknad blir behandla konkret etter plan- og bygningslova og energilova, i samsvar med KDD sin rettleiar "Planlegging og konsesjonsbehandling av vindkraftanlegg på land". Utfallet er ikkje avhengig av om arealet er sett av i KPA.
	182	166 bnr 27, 32, 42	Inger Alendal	Aslaug Irene Alendal Skjold	Isvik: Frå kombinert føremål: forretning, serviceverksemd, lettare produksjonsverksemd og liknande til bustad	Er allereie bustadføremål i KPA, men området i aust er <u>regulert</u> til næring. Kommuneplanen skal gjelda framfor regulerings-planen. Ved endring av reguleringsplanen må næringsområde takst ut og mogelegvis bør det opnast for meir konsentrert utbygging.
	199	169/2,3	Hans Egge	Hans Egge	Ved Vikaneset: Frå off./privat tenesteyting til konsentrert bustad	Ligg mellom idrettsbanen og Skjoldavikvegen og er ikkje spesielt eiga for bustadar pga. trafikk/trafikkstøy på Skjoldavikvegen og nærleiken til idrettsanlegget.
	199		Hans Egge	Hans Egge	Ved Vikaneset: Off./privat tenesteyting	Arealet er allereie sett av til off./privat tenesteyting i gjeldande plan.
	199		Hans Egge	Hans Egge	Ved Vikaneset: Frå off./privat tenesteyting til terrassert konsentrert bustad	Arealet er lite eigna for bustadar. Ligg rett over tunnelopninga og vil krevja tilkomst i området ved krysset Solheimsvegen/ Vikanesvegen og trafikkområdet ved skulen. Dette er eit område som ikkje bør belastast med meir trafikk.

	199		Hans Egge	Hans Egge	Skjoldavik: Frå friområde til naust	I gjeldande KPA er det sett av eit 25 m langt naustområde med krav om reguleringsplan som inkluderer ein turveg mellom Skjoldavik og Vikaneset som føresetnad for å byggja naust. Dette bør oppretthaldast.
	212	168/1	Allstad grunneiendom AS (Opplysningsvesenets fond)	Vindafjord kommune	Skjoldali: frå off./privat tenesteyting til LNF	Ikkje behov for meir areal til gravplass.
	213	162/128	Øystein Egeland-Eriksen	Øystein Egeland-Eriksen	Haraldseidvågen: frå bustad til naust, tomter nord for N5	Vil vera ei utviding av eit eksisterande naustområde (N5 i gjeldande plan). Kan skje utan utfylling i sjøen.
	217	168/25	Oddrun Børresen	Oddrun Børresen, Helge Børresen	Skjoldavik: Frå friområde til byggeområde bustadar	Ligg som eit sentralt areal ved sjøen inst i Skjoldavik. Å opna for bygging av bustadar her, vil vera i strid med strandsone-vernet, sjølv om arealet i dag er hage og at det står eit naust her. Det opne arealet er og viktig for opplevinga av landskapet og kulturmiljøet i Skjoldavik.
		170/1, 2, 43	Geir/Kåre Reed, Valdemar Skogland, Statens vegvesen	Vindafjord kommune	Nygård: frå næring til LNF	Arealet er sett av til næring i samsvar med reguleringsplanen for E134 Skjoldavik - Solheim, der det er regulert til "bensinstasjon/annen næring gartneri/forretning/industri". Tida har vist at dei fleste av desse føremåla synest lite aktuelle. Utviding av gartneriet kan skje innanfor LNF-føremålet Området er klassifisert som fulldyrka mark og bør endrast til LNF.
		168/51	Else Gunn/Øyvind Haraldseid	Vindafjord kommune	Skjoldali vest: frå bustad til LNF	Arealet ligg lite sentralt. Tilgrensande areal i sør, som er sett av til bustadar, er ikkje regulert og utbygd. Det er og sett av og regulert av areal for bustadar ovanfor Skjoldalifeltet. Regulert areal i Isvik hageby, med mogeleg utviding etter at kraftlinja blir fjerna, tilseier at det er tilstrekkeleg bustadareal i denne delen av bygda. I tillegg er det ledige tomter på Vikaneset.
		162/7, 99, 100	Anne-Sofie Knutsen, Jorunn Marie Haraldseid, Marit Haraldseid	Vindafjord kommune	Haraldseidvågen: frå bustad til LNF	Dette er areal som har vore sett av til bustadar heilt sidan KPA for "gamle Vindafjord" kommune (2003) og som ikkje er regulert. Kommunedirektøren føreslår å ta ut dei mest uaktuelle areala - dei høgastliggjande og dyrkamark nede mot sjøen.
		162/7, 164/3	Anne-Sofie Knutsen, Jone Tveit	Vindafjord kommune	Haraldseidvågen: frå småbåthamn til naturområde på land og i sjø	Arealet er grunt og ikkje eigna for småbåthamn.
		162/5, 55, 108, 164/3	Gudmund Håkull, Rogaland fylkeskommune, Jone Tveit	Vindafjord kommune	Haraldseidvågen: frå hamn til naturområde på land og i sjø	Er ein elveos, som ikkje er eigna som hamn. Landarealet vil inngå i reguleringsplanen for Haraldseidvågen
		170/1, 24, 32	Vindafjord kommune	Vindafjord kommune	Nygård: frå bustad til off. tenesteyting - Ny brannstasjon	Dett er ei endring i samsvar med reguleringsplanen for ny brannstasjon i Skjold.
		168/1/51	Idrettslagt Skjoldar, Opplysningsvesenets fond	Vindafjord kommune	Skjoldali: Frå næring til parkering.	Har vore sett av til næring så langt tilbake som i KP for "gamle Vindafjord" kommune (vedtak 2003), uklart av kva grunn. Fungerer som parkeringsplass for turstiane i området og bør i planen endrast til dette. Området har og blitt brukt av kommunen i samband med oppgradering av Skjold vassverk.
		164/3, 16	Jone Tveit, Eli W. Hausken	Vindafjord kommune	Haraldseidvågen: Ta ut N6.	Sjå SK17. Eksisterande naust kan liggja i LNF.
		162/12	Jarle A. Apeland, Astri Håkull, Geir Ø. Håkull, Venke B. S. Skarestad	Vindafjord kommune	Toraneset: frå naust til LNF	Område med sandstrand som ligg utan vern av eksisterande bryggje/molo. Det er framleis opna for bygging av 5 nye naust på eigedom.
		162/67	Martin Johan Frøyland	Vindafjord kommune	Haraldseidvågen vest: frå naust til LNF	Arealet mellom dette området og sjøen er regulert til friluftsområde i Detaljregulering for naustområde Bakk.
		162/9, 53	Magnar Frøyland, Lars Chr. Espenes, Ingrid Haraldseid	Vindafjord kommune	Haraldseidvågen vest: frå naust til LNF	Delar av arealet på 162/9 er dyrkamark. I området er det strand og sjøarealet utanfor er langgrunt. Det er framleis opna for 2 ny naust i dette naustområdet. Sjå journalnr. 151.
		164/16	Eli W. Hausken	Vindafjord kommune	Haraldseidvågen: frå naust til LNF	Sjå SK17. Eksisterande naust kan liggja i LNF.
		338/1	Alfred Trovåg	Vindafjord kommune	Trovågneset, frå naust til LNF	Arealet som ligg nord for og utan vern av eksisterande molo. Garden har naust og det er opna for 3 nye naust på eigedom.
		159/59, 71	Eli Sagmo Ersland, Ivar/Tove Tørresdal	Vindafjord kommune	Kronolandet: frå naust til LNF	Ca. 7 m smalt areal mellom veg og sjøen. Framleis opna for 1 + 2 nye naust i området.
	VATS					
KU/ROS	Journalnr.	Gnr/Bnr	Grunneigar	Forslagsstillar	Oppsummering av innspelet	Vurdering - tilråding
VA01	10	119/2, 34, 35, 41, 42,	Jørn Laurits Strand, Åge Nordtveit, Harald Strand, Knut S. Strand, Kristoffer Strand, Anne Kathrine Langeland	Knut Strand	Knapphus: frå LNF til bustad	Utviding av eksisterande bustadområde i vest, slik at heile 119/41, 119/42 og området ved tilkomstvegen blir bustadområde. Det blir ikkje gjort endringar på 119/34 og 35.

VA02	100	109/18, 24, 27, 28, 32	Gerald Eikeland, Ole Jørgen Ohm, Johannes Ohm, Josef Eide, Øystein Eide/Birgitte Hornenes	Johannes Ohm	Eide: Frå LNF til bustad	Dette er ei "klyngje" av fleire frådelte bustadeigedomar som ligg i LNF-område og som kan endrast til bustadar.
VA03	195	111/5	Magnhild Gjerde	Asbjørn og Anne Brit Nesheim	Kårhus: frå LNF til ei bustadtomt	Vil vera ei "knoppskyting" til Kårhusfeltet som kan kopla seg på eksisterande infrastruktur. Sjåast i samanheng med VA04.
VA4		111/3	Ruth Mary Kårhus	Vindafjord kommune	Kårhus: frå LNF til bustad.	Vil vera ei "knoppskyting" til Kårhusfeltet som kan kopla seg på eksisterande infrastruktur. Sjåast i samanheng med VA03. Kommunedirektøren føreslår samstundes å ta ut tilliggjande bustadareal lengre oppe. Sjå nedanfor.
VA05		110/3	Endre Krakk	Folkemøte Vindafjord kommune	Kårhus, Ved kryss fv. 47 (Saudavegen) - Blikravegen: frå LNF til bustad	Ikkje tilrådd teke med vidare i KU. Blir grunngeve med manglande gang- og sykkelveg til skule- og idrettsanlegg , store kostnader knytt til infrastrukturtiltak og at ei utbygging vil leggja beslag på skogsområde. Kommune direktøren: Vats har ikkje eit eintydig sentrum, men på Kårhus ligg skule, idrettsanlegg og symjehall, kyrkje og Vindafjordtunet, i tillegg til eksisterande bustadar. Bustadar her kan byggjast opp om bygda, utan å leggja beslag på dyrka mark. Tilkomst kan tilretteleggjast frå fv 4746 (Blikravegen). Mjuke trafikantar kan sikrast gjennom rekkjefølgjekrav i reguleringsplan. Langs Saudavegen er det snakk om ei strekning på 180 m.
VA06	163	119/44	Øyno eigedom	Ottar Skjold Maskin	Knapphus, Røyrvika: frå steinbrot og friområde til næring	Masseuttaket er avslutta og arealet er ei naturleg utviding av Knapphus næringsområde. Arbeid med å endra gjeldande reguleringsplan er starta. Det er ikkje føreslått endring i friområdet mot Vatsvatnet (sør og aust).
VA07	178	114/1	Eirik Nesheim	Eirik Nesheim	Nesheimtunet frå LNF til privat/ offentlig tenesteyting	Endring frå LNF til kombinert føremål privat tenesteyting/ reiseliv, med utgangspunkt i eksisterande næringsverksamd på staden. Verksenda har utvikla seg med karakter og omfang som ligg utanfor gardsdrift og LNF-føremål.
VA08	212	121/13, 15, 20, 35, 36 76	Vindafjord kommune, Rogaland fylkeskommune	Vindafjord kommune	Velde: frå off./privat tenesteyting til kombinert føremål næring / bustad	Den kommunale barnehagen er vedteken nedlagt og behovet for offentlig areal er ikkje lenger tilstades. Kombinert næring/ bustad vil opna for anna bruk av bygning og areal. Ved avgrensing er det meste av det opparbeidde ute- og leikearealet ikkje teke med pga. nærleiken til Veldefeltet.
VA09	185	104/1	Johannes Hjorteland	Johannes Hjorteland, Sven Åge/Aud Bente Ø. Hjorteland, Rune Hjorteland/Signe M. Lundegård	Indraland: frå LNF til naust for to eigedomar med naustrettar (104/1 og 104/3/13)	Nytt naustområde, som opnar for 2 nye naust sør for sørlegaste kai på 104/1. Det blir føresett at nausta kan byggjast utan fylling i sjøen.
VA10		102/6	Elling Frøland	Tjerand Røgenes	Nedre Vats, Steinneset: frå LNF til naust	Det ligg i dag 4 naustrettar på neset nord i N50 (gjeldande plan). Å realisera desse der vil vera uheldig. Det er plass for å realisera dei innanfor N50, men det ligg til rette for å opna for eit 5. naust i sør utan større inngrep.
VA11	57, 83	139/3, 11	Gullbjørg Stokka	Bjørn Morten Stokka for Gullbjørg Stokka	Stokka: frå LNF til bustad og naust	Lang og smal veg til skule, butikk, idrettsanlegg m.m. Er ikkje eit område der det bør opnast for spesielt til rette for nye bustadar.
					Stokka: frå LNF til bustad	Vedtak i formannskapet 10.12.2024: Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS: 10. Framlegg til endring frå LNF til bustad på Stokkastranda (139/3/11) blir teke inn i planen.
	228	132/20	Inge Mæland, Anne Liv Hetlevik	Svein-Håkon Hetlevik	Stokkastranda, Kvigeneset: frå LNF til naust	Den nordlegaste delen av neset er naustområde i gjeldande plan og her står det eit naust. Arealet på Kvigeneset har ei breidde som gir plass til naust utan utfylling i sjø, noko som ikkje er tilfelle mange stadar elles langs austsida av fjorden. Slikt smalt areal sør for Kvigeneset vil bli føreslått teke ut av planen.
	13	138/27	Bertha S. Nesheim	Asbjørn Nesheim	Stokkastranda: oppretthalda som naustområde - utan reguleringskrav	Det er utarbeidd forslag til reguleringsplan for området, Detaljregulering for Berthastranda naustområde.
	18, 131	109/3 (med feste 109/3/1)	Svein Halldor Skare	Vindafjord skyttarlag	Vats: få skytebanen rett plassert i kartet	Ei retting i planen, slik at skytebanen ligg i planen slik den faktisk er etablert.
	33	138/17	Olav Bergjord	Olav Bergjord	Åmsosen: frå naust til fritidsbustad	Fritidsbustad er ikkje tema i denne revisjonen av KPA.
	86	132/1	Christian og Maria Eikeland	Christian Eikeland	Blikrabygda: frå LNF til bustad	Område utan eksisterande busetnad. Lang og smal veg til skule, butikk m.m.
	102	121/6	Jørund Velde	Jørund Velde	Blikrabygda, Kleivå: frå LNF til bustad	Området ligg i tilknytning til ei klyngje med bustadhus, men det bør ikkje opnast for meir utbygging her. Lang veg til skule, butikk m.m. Del av arealet er fulldyrka mark.
	103	121/3	Jørund Velde	Jørund Velde	Blikrabygda, Århaug: frå LNF til bustad	Ein del av området er regulert som friluftsområde knytt til Veldefeltet. Markert høgdedrag og bratt terreng.
	116	139/5	Nils Inge Stokland	Nils Inge Stokland	Stokkastranda: frå LNF til naust/utleige gardsturisme	Vil kunne skje innanfor LNF-føremålet som eit Landbruk+-tiltak, mogelegvis med ei anna plassering enn heilt nede ved sjøen.
	124	109/2	Severin Fatland	Severin Fatland	Eide: frå LNF til bustad	Innspelet gjeld hus nr. 2 på garden. Dette kan ikkje løysast i KPA.
	141	121/3	Jørund Velde	Jørund Velde	Velde: næringsområde	Den nordlegaste delen av arealet er allereie næringsområde i gjeldande KPA. Er ikkje opparbeidd og teke i bruk. Dette kan oppretthaldast, men tilrår ikkje utviding. Det vil vera tilstrekkeleg næringsareal her i planperioden.

	156	138/1, 4, 7, 14, 22	Agnes Olaus Maeland, Kristi R. Larsen/Aasa Sinnes, Solveig R. Skjæveland/ Reidun R. Sørensen, Jakob Hatteland bygg as, Olav Silde	Inge Maeland	Åmsosen - Skjervheim: oppretthalda byggjeområde for bustadar	Skjervheimfeltet har vore sett av til bustad i KPA sidan 2011. (I KP for gamle Vindafjord, var det LNF2, areal for spreidde bustadar). Det har ikkje vore mogeleg å finna utbyggjarar for ei ev. utbygging. Pga. terrenget vil det vera vanskeleg og kostbart å løysa tilkomst og teknisk infrastruktur, sjølv ved ei etappevis utbygging. Infrastruktur må vera opparbeidd frå første tomt og med del utbyggingstakten som er i Vats, vil eit slik prosjekt binda kapital i svært mange år. Kommunedirektøren rår til at området blir endra til LNF.
	157	138/4	Kirsti R. Larsen, Solveig R. Skjævelend, Reidun R. Sørensen, Aasa Sinnes (død)	Monica Nesheim for Vats i vekst	Åmsosen: frå bustad til naust	Dette er eit smalt område mellom Stokkastrandvegen og sjøen. Sjøarealet utanfor er svært langgrunt landarealet er ikkje eigna for verken bustadar eller naust. Det er regulert fleire naustområde med mange nausttomter utover langs Stokkastrandvegen. Arealet bør endrast frå byggjeområde til grøntområde saman med arealet på 138/7.
	216	106/4	Egil Nybøe, Rosmari Dale	Egil Nybøe	Nedre Vats vest, Raunesvegen/ Skjenaneset: frå LNF til bustad og naust	Arealet som er føreslått til bustad er registrert som overflatedyrka mark, som nedanfor grensar til fulldyrka mark. Er ikkje eit areal som bør vera aktuelt for bustadbygging. Det er langgrunt i området utanfor føreslått naustområde. Ev. gardsnaust kan vurderast på sørsida av Skjenaneset på/ved restar av tidlegare bygg/båstø. Gardsnaust bør liggja i LNF.
	219	119/3	Nore Gjellestad	Odd Gjellestad, Unni Olsen	Øvre Vats, Sjurseike Skarhaugen: frå LNF til camping/bubil	Innspelet er uaktuelt, då eigedomen i ettertid er seld til andre.
		121/3	Jørund Vælde	Vindafjord kommune	Aust for Veldefeltet: frå bustad til LNF	Det bør ikkje satsast på ei utviding av Veldefeltet, som ligg som ein "satellitt" i lang avstand frå sentrale funksjoner på Knapphus og Kårhus.
		108/3, 11, 23, 24, 39	Ottar Ohm, Leif Kåre Gjerde, Kari Lie/Peder Stokka, Ståle Jøtne	Vindafjord kommune	Eikanesstranda: frå bustad til LNF	Er areal som har vore sett av til bustad sidan KP for "gamle Vindafjord" (2003). Er ikkje regulert eller bygd på og er i hovudsak dyrkamark.
		110/27, 28, 29, 30	Vindafjord kommune, Lars Ropeid	Vindafjord kommune	Kårhus: frå sentrumsføre mål til privat og offentleg tenesteyting, fjernvarmeanlegg, bustad	I området er det eit privat bustadhus og 2 bustadhus på kommunal grunn. Det er regulert areal for biovarmeanlegg. Kombinasjonsføre målet vil dekkja aktuell bruk, inkl. at kommunen vil gjera anna bruk av eigedomane enn til bustadar.
		119/1	Jørn Laurits Strand	Vindafjord kommune	Knapphus nord for E134: bustad til LNF	Eit areal som har vore sett av til bustad sidan KP for "gamle Vindafjord" (2003). Er ikkje regulert eller bygd på. Bratt areal som ligg i støysone - trafikkstøy frå E134.
		109/4	Arild Eide	Vindafjord kommune	Nedre Vats, Eide: Frå bustad til LNF	Ein liten trekant (ca. 3 daa) med fulldyrka mark som har vore sett av for bustadar sidan KP for "gamle Vindafjord" (2003). Tilliggjande område, Tinghaugen; vart regulert til ein bustad og konsentrerte bustadar i 2011.
		138/1, 31	Agnes Maeland, Rogaland fylkeskommune	Vindafjord kommune	Stokkastranda: Frå naust til LNF	Ei svært smalt areal mellom fylkesvegen og sjøen. Vil krevja omfattande utfylling. Det er regulert større areal til naust i tilliggjande område.
		103/2	Lars Hjorteland	Vindafjord kommune	Indraland: frå naust til LNF	Areal nord for eksisterande kai/molo. Det er naust på eigedomen og det er opna for 3 nye naust.
		138/7	Jakob Hatteland Bygg AS	Vindafjord kommune	Åmsosen: frå naust til park	Er opparbeidd "park". Sjøarealet utanfor er langgrunt.
		138/4	Kristi R, Larsen, Solveig R. Skjævelend, Reidun R. Sørensen	Vindafjord kommune	Åmsosen: frå naust til LNF	Smal stripe mellom fylkesvegen og sjøen. Ikkje eigna for naust utan utfylling i sjøen ut i eit gruntnassområde.
		138/1	Agnes Maeland, Rogaland fylkeskommune	Vindafjord kommune	Stokkastrand: frå naust til LNF	Smal stripe mellom fylkesvegen og sjøen. Ikkje eigna for naust utan utfylling. Vedteken reguleringsplan for Olausstranda sør og forslag til reguleringsplan for Olausstranda nord ligg på denne eigedomen.
		138/1	Agnes Maeland	Vindafjord kommune	Stokkastrand, Skjervheim: frå naust og parkering til LNF	Parkeringsplassen ville blitt liggjande på dyrkamark. Var tenkt som naustområde for ei utbygging av bustadar sør i Skjervheimfeltet. Den sørlegaste delen av Skjervheimfeltet vart teken ut av kommuneplanen ved førre revisjon, og no vert det føreslått å ta ut også resten av feltet.
		139/1	Teis Stokka	Vindafjord kommune	Vaskevik: frå naust til LNF	Bratt terreng som ville krevja større terrenginngrep ved bygging av naust. Framleis opna for eit nytt naust på eigedomen.
VIKEBYGD						
KU/ROS	Journalnr.	Gnr/Bnr	Grunneigar	Forslagsstillar	Oppsummering av innspelet	Vurdering - tilråding
VB01	136	322/9	Kjetil Skartland	Kjetil Skartland	Skartland: frå LNF til husklyngje	I KU er innspelet ikkje tilrådd teke med vidare. Kommunedirektøren kan opplysa at det er allereie søkt om dispensasjon frå gjeldand plan for frådelling av tomt for eit bustadhus. Søknaden blir behandla på vanleg måte og innspelet blir ikkje teke med vidare i kommuneplanprosessen.
VB02	73	336/2	Magne Nagell Bjordal	Magne Nagell Bjordal	Svendsbø: frå LNF til grøntområde, næring/turisme, bustad	Areal til fritids- og turistføre mål, dels i kombinasjon med bustad- og grøntføre mål for å utvikla gardsverksemda og ny turistverksemd. Tiltaket vil vera ei satsing på natur-/gardsbasert oppleving og eit berekraftig reiseliv basert på oppleving av natur og kultur. Vil vera i samsvar med arealstrategien om å gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt og byggja opp under kommunen si satsing på reiseliv. Vil kunne skapa aktivitet i Sørabygda gjennom å denne type turistverksemd som tillegg / i kombinasjon med landbruksdrift.

VB03	19, 90	331/6	Espen Flåtane, Morten/Reidun Rønning	Espen Flåtane Folkemøte	Vikebygd ved Vossasvingen: frå LNF til bustad	Ei utviding av eksisterande regulert mindre bustadområde ved Vossasvingen. Ca. 1 km frå skulen i bygda. G/s-veg på det meste av strekningen. Eit etterspurd alternativ til Liofeltet. Sjøast saman med VB04.
VB04	200	332/1,17	Ivar / Jeanette Ødegård	Ivar Ødegård Vindafjord kommune	Vikebygd vest for Vossasvingen: frå LNF til 5-8 bustadar	Ei utviding av eksisterande regulert mindre bustadområde ved Vossasvingen. Ca. 1 km frå skulen i bygda. G/s-veg på det meste av strekningen. Eit etterspurd alternativ til Liofeltet. Sjøast saman med VB4. Avgrensast mot vegen og mot vest. Sjøast i saman med VB03.
VB05		330/2	Arthur Owe	Vindafjord kommune	Vikebygd: Frå sentrum til bustad	Butikken ligg i dette området i dag. Arealet er lite eigna for vidare sentrumsutvikling. Må sjåast i samanheng med utfallet av VB07 og VB08.
VB06	71	329/1	Bjørn Vik	Bjørn Vik	Vikevik: frå bustad/friområde til turistføremål, som regulert	I gjeldande KPA vart dette området endra frå turistføremål, slik det er regulert; til bustadområde og friområde (langs stranda). Dette var etter innspel frå grunneigar. No er innspelet frå grunneigar å endra det tilbake til turistføremål, inkl. friområdet. Endring tilbake til turistføremål kan tilrådest, men friområdet langs stranda bør oppretthaldast.
VB07		328/41, 83	Vindafjord kommune	Folkemøte Vindafjord kommune	Vikebygd ved skulen: frå tenesteyting til bustad/ forretning/tenesteyting	Område aktuelt for ny butikk i kombinasjon med tenesteyting og bustad. Tilliggjande grøntkorridor må oppretthaldast.
VB08 Kart veg?		328/10, 11, 23	Lars Eikehaugen, Sigrid S. Nordtvedt, Paula K Steen, Kirsten S. Nesse	Folkemøte Vindafjord kommune	Vikebygd: frå bustad til bustad/ forretning/ tenesteyting.	Område aktuelt for ny butikk i kombinasjon med tenesteyting og bustad. Tilliggjande grøntkorridor må oppretthaldast.
VB09	184	334/2	Karl Larsen	Karl Larsen	Ulvebne: småbåthamn til naustområde	Det er regulert naustområde her (vedtak 2015), men opparbeiding er ikkje sett i gang. I planen er det regulert pirar for to og to naust og sjøområdet er regulert til ferdsel. Vind- og bølgeforhold tilseier at det vil vera behov for areal for bølgedempande tiltak. Aktuelt arealføremål: småbåtanlegg.
	31	326/1, 27	Per Alne	Per Alne	Alne: frå LNF til bustad	Eit bustadområde her ville bli ein høgtliggjande "satellitt" i bratt terreng med tilkomst sannsynlegvis via den smale Alnavegen.
	51	336/5	Arne Tveit	Arne Tveit	Kreken: frå LNF til husklyngje	Forslaget vart også fremja i førre KPA-prosess. Det i teke med frå kommunen si side, men vart møtt med motsegner frå regionale myndigheiter og vart så teke ut. I denne planprosess er det lagt opp til at husklyngjer kan leggjast nærare sentrum som eit alternativ til område med krav til reguleringsplan i bygdene med lite utbyggingspress. Dette arealet ligg langt frå sentrum og vil ikkje ha ein slik funksjon.
	70			Mariell Legøy m/fl. Folkemøte	Dommersnes: frå LNF til bustad	Innspelet frå Legøy er ikkje kartfesta, men ut frå teksten må det forståast som areal nord for hyttefeltet på Dommersnes. Dette som eit alternativ til Liofeltet der dei er vaksne opp og der foreldra bur. Dommersnes ligg for langt frå sentrum og har ikkje g/s-veg frå Vossasvingen til Dommersnesvegen.
	87	326/3-4	Dag Nagel-Alne	Dag Nagel-Alne	Døvika: frå LNF til næring/turisme	Vil kunne skje innanfor LNF-føremålet som eit Landbruk+-tiltak. Plassering og omfang må vurderast i forhold til strandsonevernet.
	101	336/3	Jon Magne Svendsbø	Jon Magne Svendsbø	Svendsbø: til LNF	Denne endringa vart gjort då gjeldande plan vart vedteken.
	104	334/22	Karl Larsen	Karl Larsen	Holtegårdsvika: frå LNF til naust	Sør for dette arealet har grunneigar fått utarbeidd reguleringsplan for 22 naust (vedtak 2015). Utbygging her har ikkje starta opp og et vil ikkje vera behov for endå eit naustområde her.
	146	334/2	Karl Larsen	Karl Larsen	Ulvebne: frå LNF til fritid/ campingvogn/ husvogn	Dette gjeld ei campingvogn med tilhøyrande terrassar som har stått på plassen i mange år. Ikkje aktuelt å setja av areal her til fritid/ campingvogn/ husvogn. Dersom den skal "legaliserast" må dette skje som dispensasjon og påfølgjande byggjesak. Ligg ca. 20 m frå driftsbygning og gjødselkum.
	188	330/11	Johan Guttorm Owe	Johan Guttorm Owe	Vikebygd: frå LNF til bustad	Eigedomen med to bustadhus ligg i LNF. Den ligg skild frå eit bustadområde på andre sida av Plassaelva. På begge sider av elva er det sett av eit grøntbelte. Det let seg derfor ikkje gjera å innlemma eigedomen i bustadarealet. Det vil og vera lite føremålstenleg å endra berre denne eigedomen frå LNF til bustad, då ein stor del er omfatta av grøntbeltet og ein del er dyrkamark. Tiltak som påbygg, fasadeendring m.m. kan tillatast utan dispensasjon i samsvar med føresegnene for bebygde eigedomar i LNF.
	204	333/1	Martin Larsen	Arne Tveit, Arkipelet	Dommersnes: frå LNF til bustad	Ligg for langt frå sentrum og har ikkje g/s-veg frå Vossasvingen til Dommersnesvegen. Utbygging med fleirmannsbustadar bør skje meir sentralt i bygda. Ligg tett innpå hyttefeltet på Dommersnes.
	214			Gunnar Birkeland	Vikebygd: frå LNF til bustad "oppforbi" Lio II	Tilstrekkeleg bustadareal er sett m.a. i Liofeltet til å dekkja behovet i planperioden.
		326/10	Jan Otto Hovda	Vindafjord kommune	Naustvik: frå bustad til LNF	Arealet vart teke inn i KP i 2011. Er ikkje blitt regulert eller realisert. Tilstrekkeleg bustadareal er sett m.a. i Liofeltet til å dekkja behovet i planperioden.
		332/3	Karl Larsen	Vindafjord kommune	Dommersneslandet: frå naust til LNF	Eit langstrakt naustområde som blir føreslått kutta i begge endar. Det er framleis opna for 5 nye naust til saman på bnr. 3 og 1.
		332/1	Ivar P/Jeanette Ødegård	Vindafjord kommune	Dommersneslandet: frå naust til LNF	Eit langstrakt naustområde som blir føreslått kutta i begge endar. Det er framleis opna for 5 nye naust til saman på bnr. 3 og 1.
		326/94	Anna J. Møllerhaug	Vindafjord kommune	Naustvik: frå naust til LNF	Smalt landområde og sandstrand. Eigedomen har naust.

		326/6	Ola Harald Alne	Vindafjord kommune	Naustvik: frå naust til LNF	Naustvikområdet er utbygd med mange naust og bør ikkje tettast meir.
VIKEDAL						
KU/ROS	Journalnr.	Gnr/Bnr	Grunneigar	Forslagsstillar	Oppsummering av innspelet	Vurdering - tilråding
VD01	81	66/1, 107	Bjørn Kjetil Skipevåg	Bjørn Kjetil Skipevåg	Hallingstad: Omgjering av areal som omfattar eksisterande bustadhus frå LNF til bustad, som ei erstatning for bustadareal på gnr. 66, bnr. 66	Innlemma bustadhus på 66/1 i bustadområdet, men ikkje ta med føreslått område mot vest. Dette er fulldyrka mark. Endra 66/66 frå bustad til LNF. Dette er areal som er bratt og uaktuelt for bustadar.
VD02	198	66/73	Arnt Richard Andreassen	Arnt Richard Andreassen	Kalvaskinnsberget: Frå LNF til næring	Er ikkje tilrådd teke med vidare på grunn av uakseptable forhold som er avdekka i ROS; ras/skred/områdestabilitet og ulukker med transportmiddel. Er eit bearbeidd areal og brukt i tilknytning til næringsarealet på oppsida av vegen. Kommunedirektøren: innspelet kan tilrådest ved implementering av avbøtande tiltak sikra gjennom reguleringsplan.
VD03	69	43/34, 63	Vikedal kai as, Statens vegvesen	Billy Grimaas	Kaien: frå fritids- og turistføremål og hamn (kai) til næring	Innspelet gjeld å endre føremål i hovudsak i samsvar med dagens bruk. Næring på arealet bør vera sjøretta og ikkje publikumsretta/ besøksintensiv. Det må sikrast at hurtigbåten kan ha anløp ved kaien.
VD04	92	67/5	Oddlaug Søndenaa	Geir Bakkedal Folkemøte	Ved "Mesta-stasjonen": frå LNF til næring	Aktuelt areal for næring/industri som ikkje treng/bør liggja i nærleiken av sentrum. Skogsveg inn i området er allereie opparbeidd. Arealet er avgrensa litt i nordvest og søraust i forhold til innspelet. Krav om reguleringsplan før utbygging.
VD05	207 og 227	67/67	John Sofus Grimås	John Sofus Grimås Vegard Grimås	Vikedal sør: "Mestastasjonen" frå LNF til kombinert næring/bustad	Dette er ein opparbeidd eigedom med fleire bygningar (tidlegare vegstasjon), der det ligg til rette for ei næringsmessig utnytting. Plassering og avstand til Vikedal sentrum tilseier at næring her ikkje skal vera publikumsretta/besøksintensiv.
						Ligg for langt frå sentrum og langs veg utan g/s-veg til at det bør opnast for bustad. Eksisterande leilegheit i bygget vil kunne nyttast på dispensasjon.
VD06	69	43/19, 78	Billy Grimaas	Billy Grimaas	Kaien vest: frå LNF/fritids- og turistføremål til naust	Det eit nyleg oppført eit naust i LNF-området og endringa elles er frå eit byggjeområde (fritids- og turistføremål) til eit anna (naust).
	17, 23, 166, 167	67/19	Oddlaug Søndenaa	Adv. firma Hald & Co	Vikedal: frå grønstruktur til 2 bustadtomter	Vanskeleg å få tilkomst frå fylkesvegen. Bratt skråning ned mot Kyrkjehølen. Er regulert næringsområde rett nordanfor.
	39	67/44	Geir Korge-Hårajuvet	Geir Korge-Hårajuvet	Vikedal: frå regulert veg til bustad	Området er regulert og innspelet om endring av ein veg, må skje ved endring av reguleringsplanen.
	43	67/260	Vikedal anlegg og eigedom as	Bernt Schibevaag	Sentrum: Ræstadjordet til bustad	Er regulert til bustad, sentrumsføremål og kombinert byggjeføremål i reguleringsplanen for Vikedal sentrum sør. KPA vil bli oppdatert i samsvar med det.
	64. 106	66/1, 94, 67/3, 4, 189, 202,	Bjørn Kjetil Skipevåg/Hilde Skipevåg, Tor Inge Ottosen, Kjetil Gilje, Vindafjord kommune	Kjetil Gilje	Urabø-Kristtørnvegen: frå LNF til bustad	Bratt høgtliggjande areal mellom Urabø og øvste husrekkja i Søndenåfeltet. Er sett av byggjeområde for bustadar nedanfor som heller bør byggjast på.
	69	43/1	Billy Grimaas	Billy Grimaas	Kvednavika vest: frå LNF til naust	Området mellom fylkesvegen og sjøen er svært bratt. Vanskeleg å laga "kjørbar gangveg" ned til eit naustområde her. Vil medføra store terrenginngrep.
	69	43/1	Billy Grimaas	Billy Grimaas	Aust for kaien: frå hamn og LNF til naust	Smalt areal mellom vegen og sjøen. Vil krevja utfylling i elvemunningen.
	69	43/1, 78,	Billy Grimaas	Billy Grimaas	Ovanfor kaien: frå næring til bustad	Det bør ikkje leggjast til rette for fleire bustadar på nedsida av vegen her. Er sett av som areal for fritids- og turistføremål og kan oppretthaldast som det. Sjåast i samanheng med bruken av arealet på kaien og tilgrensande område.
	69	43/1, 19	Billy Grimaas, Tollef T. Berg	Billy Grimaas	Kvednavika - kaien: frå LNF til fritids- og turistformål	For bratt areal med vanskeleg tilkomst.
	69	43/1	Billy Grimaas og Vegard Grimås	Billy Grimaas	Kløvahunpen: frå LNF til fritidsbustad	Fritidsbustad er ikkje tema i denne revisjonen av KPA.
	69	43/1	Billy Grimaas	Billy Grimaas	Kløvahunpen: frå fritids- og turistformål til kombi (hotell m/div. fasilitetar, leilegheiter (fastbuande, senior, omsorg, ferie)	Området si plassering, bratt terreng og vanskeleg tilkomst tilseier at det ikkje er eigna for formåla som er føreslått. Arealet har vore avsett i KPA sidan 2011 utan å bli realisert.
	69	43/1	Billy Grimaas	Billy Grimaas	Solbakken: frå LNF til utviding av bustad opp til kraftlinja	Solbakkenområdet har vore sett av til byggjeområde for bustadar heilt sidan KP for gamle Vindafjord (vedtak 2003). Tilkomst og anna infrastruktur er vanskeleg å løysa. Å setja av meir areal endå høgare opp i terrenget vil vera uaktuelt.
	80	66/1	Bjørn Kjetil Skipevåg	Bjørn Kjetil Skipevåg	Vikedal lang austsida av elva: Frå friområde til LNF	Langs den nedre delen av Vikedalselva og andre sentrumsnære elvestrekningar er lagt inn eit grøntbelte, blågrønstruktur, for å ivareta områda sin funksjon som del av vassdragsmiljø. Arealet av dyrkamark innanfor sona kan drivast på vanleg måte med ei kantson i samsvar med vassressurslova § 11.

	82	66/1	Bjørn Kjetil Skipevåg	Bjørn Kjetil Skipevåg	Vikedal mellom Movegen og elva: frå LNF til næring	Arealet ligg nær Vikedalselva, mellom to bekkar og grensar til fulldyrka mark. Lita eigna som næringsareal.
	191	66/42, 52, 53, 116	Vindafjord kommune,	Vindafjord kommune, Marit Opsal/Andreas Rosså, Dagny Tau-Strand, Vidar Holte (død)	Vikedal båthamn: 66/53, 116 frå bustad til privat/offentleg tenesteyting	Ev. endring her må skje som gjennom prosessen knytt til reguleringsplanen som er under arbeid for Vikedal båthamn med tilliggjande areal.
		43/1, 19, 66/3, 8,104, 135	Billy Grimaas, Terje Tollef Berg, Anne Sissel Stølsvik, John Sofus Grimås, Marion Bu-Pedersen/Rune Bu-Pedersen, Tone Gunn Myhre	Vindafjord kommune	Solbakken: frå bustad til LNF på del av området (dei høgastliggjande areala)	Solbakken har vore sett av som eit stort bustadområde sidan KP for "gamle Vindafjord (2003), utan at området har blitt regulert eller bygd ut. Store delar av område er bratt og ligg høgt i terrenget. Tilkomst og anna infrastruktur vil vera vanskeleg og kostbart å etablera. Kommunedirektøren føreslår no å ta ut dei høgastliggjande areala.
		43/1, 19 , 55	Billy Grimaas, Tollef Terje Berg, Frode Reisæter	Vindafjord kommune	Solbakken: frå fritids- og turistføremål til LNF. 43/55 til bustad	Har vore sett av til føremålet sidan KP 2011 og er ikkje regulert eller realisert. Eit bratt og til dels høgtliggjande område der det vil vera vanskeleg og kostbart å løysa tilkomst og anna infrastruktur. Ev. reiselivssatsing bør realiserast på arealet i tilknyting til kaien.
		67/5	Oddlaug Søndena	Vindafjord kommune	Søndenåneset: frå næring til LNF	Arealet har vore regulert som næringsområde sidan 1980. Der blir no føreslått å ta ut området sør for vegen til tømmerkaia. Området blir vurdert som uaktuelt for næringsutbygging og det vil framleis vera areal for ev. utviding av tømmerkaien mot aust.
		66/8, 16	John Sofus Grimås	Vindafjord kommune	Kalvaskinnsberget: frå næring til LNF i nord og sør	Dette er areal som ligg i bratt terreng. Dei vart tekne inn i KP i 2011, men har ikkje blitt regulert og utvikla. Det er framleis eit attverande næringsareal på ca. 25 daa i området.
		66/7,8, 50, 79, 110	Marion Bu-Pedersen/Rune Bu-Pedersen/Kristoffer Emil Myhre/Bodil Vestbø, John Sofus Grimås, Anita Heggebø/Gisle Heggebø, Olav Gjil, Kjell Tore Helgeland/Liv Norun Helgeland	Vindafjord kommune	Vikedal vest for brua på nordsida av fylkesvegen: frå LNF til bustad	Her blir det gjort justeringar slik at eigedomane blir byggjeområde for bustadar ned til fylkesvegen. Det må takast omsyn til ev. endringar av vegføremålet som følgje av forslaget til reguleringsplan for fv. 46 Sandeid - Vikedal.
ØLEN						
KU/ROS	Journalnr.	Gnr/Bnr	Grunneigar	Forslagsstillar	Oppsummering av innspelet	Vurdering - tilråding
Ø01	122	291/9	Øystein Monstad	Pål Viland Monstad	Litle Nerheim: frå LNF til bustad	I KU er innspelet ikkje tilrådd teke med vidare. Dette er i hovudsak grunngitt med beslaget av fulldyrka mark. Kommunedirektøren: Arealet ligg nær tettstaden og i tilknyting til eksisterande bustadområde. Det ligg også på «rett side» (vestsida av sentrum), der kommunen vil at veksten skal koma. Det er g/s-veg til barnehage og skule, sentrum og til Ølensvåg. Innspelet vil føra til nedbygging av dyrka mark, men om lag halve arealet ligg utanfor langsiktig grense/ kjerneområde landbruk. Ølen er den bygda som samla har hatt størst bustadbygging dei siste åra. Ledig bustadareal i Ølen er no i hovudsak på Blikragarden. Konsentrert utbygging i områda tett på sentrumskjernen bør prioriterast, samt regulering og utbygging på Blikragarden. Dette vil venteleg dekkja behovet i planperioden. Innspelet vil kunne sjåast i samanheng med dette, eventuelt i eit noko lengre tidsperspektiv. Kommunedirektøren rår til at innspelet blir teke med vidare, men avgrensa til areal som ligg utanfor kjerneområde landbruk/langsiktig grense landbruk.
Ø02	176	291/25	Torkel Andor Viland	Torkel Andor Viland	Litle Nerheim: frå LNF til bustad	I KU er innspelet ikkje tilrådd teke med vidare. Kommunedirektøren si vurdering: same som for Ø01.
Ø03	44	291/36	Unni Marie Lien	Unni Marie Lien	Ølen vest: frå erverv til næring/bustad	Er ei endring i samsvar med faktisk bruk.
Ø04	189	269/19	Svein Fatland	Svein Fatland	Stangeland: Frå naust/parkering til 5 naust for utleige og hus nr. 2 på garden.	I KU er innspelet ikkje tilrådd teke med vidare. Del av området er allereie sett av til naust og kan vidareførast og ev. utvidast, men det må takast omsyn til behovet for parkeringsareal knytt til badestranda nordanfor (Stangelandsstranda). Det bør framleis vera krav om reguleringsplan før utbygging.
						Å opna for bygging av bustadhus her på nedsida av fylkesvegen vil vera i strid med strandsoneverdiane og landskapsmessige vera uheldig.
Ø05	172	291/67	Terje/Anne Torill Digernes	Terje Digernes	Vest for Ølen: frå LNF til bustad	Dette er ei justering for å få heile tomte som byggjeområde for bustadar. Er ikkje klassifisert som dyrka eller dyrkbar jord.

Ø06	194	272/1	Eivind Vik	Eivind/Signe Britt Vik	Nedanfor Vågshagen (Ryo): frå LNF til bustad.	Arealet grensar til eksisterande bustadfelt, Øvrehagen. Vil vera ei forlenging vestover av areal nedanfor byggjefeltet som allereie er sett av til bustadar. Kommunedirektøren føreslår samtidig å ta ut eit areal søranfor og eit større ubebygd bustadareal aust for vegen til Øvrehagen. Sjå nedanfor.
Ø07		276/16	Glis Eigedom	Vindafjord kommune	Fikse: frå LNF og eit lite areal steinbrot til næring	Tidlegare trafikkstasjon og Tanken (drivstofftank) er lokalisert på eigedomen. Dvs. faktisk bruk er ikkje i samsvar med LNF. For å få eit større planert areal, er det søkt byggjeløyve for å sprengja ned areal som er regulert til vegetasjonsskjerm og erstatt dette med ein voll for støydemping. Plassering og avstand til Ølen tilseier at næring her ikkje skal vera publikumsretta/besøksintensiv.
Ø08	95	sjøareal		Håkon Matre	Ølen vest, fiskerihamna. Ytterlegare tilrettelegging for fiskebåt og næring med utfylling på innsida av eksisterande molo til næringsareal, utfylling i sjø til ny molo utanfor dagens molo for djuparegåande fartøy	Innspelet ligg innanfor areal som i gjeldande plan er sett av til hamn og er såleis dekkja av dette. Arealet er regulert til småbåthamn på innsida av moloen og trafikkområde utanfor og vest for moloen. Realisering av eit prosjekt i samsvar med innspelet vil krevja ny/endra reguleringsplan.
Ø09		282/19, 52, 64, 72, 73 og 290/36, 57, 61, 74	Div.	Vindafjord kommune	Ølen sentrum: frå bustad til sentrumsføremål	Området er regulert til bustad, offentleg friområde, parkeringsplass mv. Sentrumsføremål vil opna for å nytta arealet også til andre føremål enn berre bustad. Ny reguleringsplan som skal utarbeidast for Ølen vil detaljera bruken.
Ø10	168	sjøareal ved 290/92	Ølen Tomteselskap AS	Brekke Helgeland Brekke (Arkipelet) for Stilrent Bygg AS	Ølen vest: småbåthamn og badeplass	Arbeid med reguleringsplan for bustadar er i gang på tidlegare kommunal eigedom - "livdyrfjosen", brannstasjon m.m. Planen vil innehalda tilhøyrande småbåtanlegg og badeplass, og kommuneplanen bør opna for det.
Ø11	98	270/2	Jarle Ljosnes	Jarle Ljosnes	Roa: frå LNF til naust (2-3 naust)	Naustområde N39 kan utvidast med 2-3 naust mot aust. Vil liggja i tilknyting til eksisterande naust, innanfor etablert molo og kan skje utan vesentleg utfylling i sjøen. Ligg i kort avstand frå Osen og vil ikkje medføra vesentleg meir trafikk på Dreganesvegen .
Ø12	225	273/1, 9	Knut Ketil Oftedahl	Knut Ketil Oftedahl	Steinbru: LNF til kombinert bustad/ landbruk/ kultur-/næringsverksemd i form av kunstatelier og grafisk verkstad	Det er gitt byggjeløyve til aktuelle tiltak. I samband med søknaden er det gjennomført naturfarekartlegging. Området er vurdert å ha tilfredsstillande tryggleik for fare for områdeskred innanfor nominelt sannsyn på 1/1000. Arealet er justert i forhold til elva og turvegen.
Ø13	125	266/1	Sigurd Fresvik	Sigurd Fresvik	Hamre, Dreganes: frå LNF til naust	Det er om lag 110 naust på strekninga frå Osen til Dreganes. I tillegg ligg det eit offentleg friluftsområde ytst på Dreganes. I sum skapar det ein god del trafikk på denne smale vegen. Med tilhøyrande parkering, ofte på eit smalt areal mellom nausta og vegen, skapar dette mange uoversiktlege situasjonar. Innspelet gjeld 2 nausttomter nord for og 3 tomter sør for eit regulert naustområde (Reguleringsplan for naust på Hamre, 2011). Dette naustområdet er ca. 80 m langt, der det er bygd eller gitt byggjeløyve til 8 naust og er 1 ubebygd tomt. Eit regulert naustområde skal ikkje skapa grunnlag for "knoppskyting" med fleire naust. Å byggja naust her, vil også krevja omfattande fylling i sjø slik det er gjort i det regulerte området. Av omsyn til strandsoneverdiane og forholda på og langs vegen rår kommunedirektøren frå å endra areala til naustområde. Vedtak i formannskapet 10.12.2024: Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS: 3. Legg inn naustområde langs Dreganesvegen. (266/1 og 269/1) i tråd med innspel.
Ø14	112, 153	269/1	Lars-Magne Stangeland	Lars-Magne Stangeland Geir Søndena	Dreganes, Kåtabøvika: frå LNF til naust	Det er om lag 110 naust på strekninga frå Osen til Dreganes. I tillegg ligg det eit offentleg friluftsområde ytst på Dreganes. I sum skapar det ein god del trafikk på denne smale vegen. Med tilhøyrande parkering, ofte på eit smalt areal mellom nausta og vegen, skapar dette mange uoversiktlege situasjonar. Arealet er einaste ubebygde området mot sjøen på ein strekning på ca. 240 m. Å byggja naust her, vil også krevja fylling i sjø. Av omsyn til strandsoneverdiane og forholda på og langs vegen rår kommunedirektøren frå å endra areala til naustområde. Vedtak i formannskapet 10.12.2024: Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS: 3. Legg inn naustområde langs Dreganesvegen. (266/1 og 269/1) i tråd med innspel.
Ø15	205	284/5	Trond Haugland	Trond Haugland	Økland: frå LNF til husklyngje	I denne planprosessen er det lagt opp til at husklyngjer kan leggjast nærare sentrum som eit alternativ til område med krav til reguleringsplan i bygdene med lite utbyggingspress. Ut frå dette er ikkje husklyngje eit aktuelt verkemiddel i Ølensområdet. Vedtak i formannskapet 10.12.24: Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS: 2. Legg inn husklynge på Økland (284/5) i tråd med innspel.
Ø16		281/103, 281, 281/1, 281/2, 207, 243, 271	Ove Arild Christiansen, Magne Christiansen, Tore Christiansen, Mittdistrikt AS	Formannskapet	Ølen sentrum: frå bustad og naust til sentrumsføremål	Vedtak i formannskapet 10.12.24: <i>Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS:</i> <i>1. Utvid sentrumsområdet i Ølen austover frå Revahalltomta.</i>

	24, 94	276/7	Gøril Eidhammer	Gøril Eidhammer	Fikse på vestsida av E134: frå LNF til industri og steinuttak	Det er ikkje meldt behov for ei slik utviding frå dei som driv steinuttak i området. Det blir derfor vurdert at dette ikkje er aktuelt i denne planperioden.
	29, 130	265/1, 3, 7, 9, 12, 13,	Terje Digernes, Thor F. Karstensen, Åshild H. Karstensen, Thorbjørn Rullestad, Bente Digernes	Thorbjørn Rullestad	Dreganes: frå LNF til bustad	Post 130 erstattar 29. Avstand og smal og dårleg veg tilseier at det ikkje bør opnast for bustadar så langt ute mot Dreganes.
	30, 129	265/1, 2, 4, 6, 8	Terje Digernes, Barbara E. Nerheim, Reidar Sandvik, Thorbjørn Rullestad	Thorbjørn Rullestad	Dreganes: frå LNF til naust	Det er om lag 110 naust på strekninga frå Osen til Dreganes. I tillegg ligg det eit offentleg friluftsområde ytst på Dreganes. I sum skapar det ein god del trafikk på denne smale vegen. Med tilhøyrande parkering, ofte på eit smalt areal mellom nausta og vegen, skapar dette mange uoversiktlege situasjonar. Det aktuelle Innspelsområdet ligg langt ute på Dreganes. Av omsyn til strandsoneverdiane og forholda på og langs vegen rår kommunedirektøren frå å endra arealet til naustområde.
	42	282/2, 3 m/fl.	Gerd Garpestad,	Magne Kristian Haugland	Eiodalen: frå LNF m.m. til veg/sentrum/ offentleg, næring	Kan skje innanfor gjeldande plan.
	78	276/2, 3, 4, 12, 16	Leif-Håvard Servan-Ørke, Ole Dag Østhus, Bodil Bakken/Grete Matre, Glis Eigedom AS	Are Matre	Fikse: næringsområde etter uttak	Nerheim industriområde, med ev. utviding innanfor det som ligg i KPA, bør prioriterast i denne planperioden.
	79	Ølen historiske		Bjarte Torgriksen	Sentrum: Omregulering - mindre vern	Ei slik endring kan ikkje gjerast på kommuneplannivå. Ev. endringar må skje gjennom endring av reguleringsplan.
	97	270/2	Jarle Ljosnes	Jarle Ljosnes	Roa: frå LNF til naust	Det er føreslått opna for naust på same eigedomen rett søranfor, sjå Ø11. Resterande ubebygd areal lang sjøen på eigedomane bør oppretthaldast som naturområde (LNF) som i dag mellom to naustområde.
	99	270/2	Jarle Ljosnes	Jarle Ljosnes	Roa: frå LNF til næring / turisme	Vil kunne skje innanfor LNF-føremålet , som eit Landbruk+-tiltak.
	115	281/21	Vindafjord kommune	Monica Berge Fjæra	Ølen: Revehalltomta frå sentrumsføremål til bubilparkering	Er ei for sentral og viktig tomt til å disponerast til dette føremålet. Bør oppretthaldast som sentrumsføremål, og bruken bør avklarast gjennom den planlagde nye reguleringsplanen for Ølen.
	120, 171	282/1	Siv Bente og Per Gaute Østbø	Siv Bente og Per Gaute Østbø	Eiabakken: få LNF til gards-naturcampingplass med bubilparkering, servicebygge, leikeplass	Innspelet trekt i journalpost 171
	121	281/1	Siv Bente og Per Gaute Østbø	Siv Bente og Per Gaute Østbø	Osen: frå friområde til naust	Ligg i utløpet av Oselva, der det er svært grunt. Arealet er ikkje eigna for naust, som bør ha direkte tilgang til sjø. Mudring vil ikkje vera aktuelt pga. naturverdiar knytt til gruntvassområdet.
	126	290/13, 137	Birute Ropeid	Sjur Heggen	Sentrum: park	Sentrumsføremål opnar for at arealet ev. kan disponerast som park. Bruken av området bør avklarast i den planlade nye reguleringsplanen for Ølen.
	133	Ølen: 281/1, 5, 8, 13, 28, 83, 97 og 280/5, 7	Per Gaute/ Siv Bente Østbø, Johanne Marie Heggebø (død), Anders Eide, Sjur O. Eide/Elisabeth Eide, Svein Fatland, Leif T. Kvinnesland/Randi Nesse, Liv Hovland Ruud, Marianne Miljeteig	Øystein Matre+F287	Eiabakken: frå LNF til næring	Den vestlegaste delen av arealet er allereie sett av til næringsføremål i gjeldande KPA, saman med areal lengre vestover. Desse areala må nyttast før det ev. blir sett av meir næringsareal. Omfattar og areal med fulldyrka mark.
	134	280/7	Marianne Miljeteig	Øystein Matre	Dørheim: frå LNF til næring/vegkryss	Ev. tilkomst til framtidig ny E134 må avklarast på eit seinare tidspunkt.
	176	290/43	Torkel Andor Viland	Torkel Andor Viland	Nerheim, aust for Heiabøvegen: frå LNF til bustad	Arealet ligg tett opp til Nerheim næringsområde. Det bør heller ikkje leggjast til rette for fleire bustadar i denne retninga frå Ølen.
	224	Div.	Div.	Bjørn Erik Paulsen Vindafjord kommune	Osen: frå bruk og vern av sjø og vassdrag, friområde og LNF til naturområde	Viktig våtmarksområde med tilhøyrande strandareal som bør sikrast som naturområde. Området er grunt og ikkje eigna for ei stor småbåthamn, slik gjeldande plan viser. Å mudra for å få meir djupne vera i strid med naturverdiane knytt til våtmarksområdet.
		272/1, 273/1, 32	Eivind Vik, Venke Lothe	Vindafjord kommune	Ved Øvrehagen: frå bustad til LNF (eit område i sør og eit i aust)	Området i aust (272/1): sjåast i samband med Ø06. Området på 273/1 er i hovudsak fulldyrka mark. I 2015-16 vart det starta arbeid med reguleringsplan for området. Arbeidet stoppa opp, særleg pga. dei registrerte kulturminneførekommstane i området.
		271/38, 39, 40, 41, 42, 49	Sigmund Risøy, Marie C. Gundegjerde, Leif Job Kvamen, Herlaug Risøy, Gislaug D. Haga, Rune Hundhammar	Vindafjord kommune	Langs Oselva på nordsida: frå bustad til grøntstruktur	Dette er bratt skråning mot Oselva, som på grunn av terreng og grunnforhold ikkje vil vera aktuell byggjegrunn. I tillegg er det viktig å ha eit grøntbelte langs elva også på denne sida av omsyn til naturmiljøet.
		276/3	Otto Vika	Vindafjord kommune	Olalivegen: frå massetak til LNF	Område som ligg tett på Olalivegen. Vart lagt inn som område for massetak i planen frå 2011 og det vart søkt om prøveuttak av stein i 2014. Er ikkje realisert og blir føreslått teke ut og endra tilbake til LNF.

		268/1	Svein Fatland	Vindafjord kommune	Hamre: Frå naust til LNF	Behov for eit ubebygd grøntområde i eit svært langstrakt naustområde som stort sett er utbygd. Opnar framleis for eit nytt naust på eigedomen.
		268/12	Gotskalk Hamre	Vindafjord kommune	Hamre: frå naust til LNF	Behov for ei ubebygd grøntområde i eit svært langstrakt naustområde som stort sett er utbygd. Opnar framleis for eit nytt naust på eigedomen.
ØLENSVÅG						
KU/ROS	Journalnr.	Gnr/Bnr	Grunneigar	Forslagsstillar	Oppsummering av innspelet	Vurdering - tilråding
ØV01	2, 105	313/49	Kjartan Vaka Lothe	Kjartan Vaka Lothe	Vaka: frå LNF til bustad	Dette er ei bebygd bustadtomt som ligg i eit etablert bustadområde, men som i KPA er sett av til LNF. Bør endrast til bustad i samsvar med faktisk situasjon.
ØV02	63	sjøareal		Petter J Rasmussen AS for Westcon	Ølsfjorden: endring av riggområdet med ei utviding mot aust og nord/nordvest. Samtidig ta ut eit nesten tilsvarande stort areal av gjeldande riggområde lengre inne i fjorden - mellom Lundaneset - Hiljesteinsvika.	Endringa vil vera gunstig for Lundneset vgs, men riggområdet med tilhøyrande aktivitet vil koma lengre ut i Ølsfjorden og meir "rett framfor" Ølen sentrum. Føresegnene til gjeldande KPA har krav om reguleringsplan for eventuell industriell aktivitet i riggområdet. Planen skal beskriva kva type installasjon det gjeld og kva aktivitet som skal utførast. Kravet om utarbeiding av reguleringsplan blir oppretthalde.
						Vedtak i formannskapet 10.12.2024: Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS: 9. Forslaget om justering av riggområdet nordover og austover blir ikkje teke med i forslaget. ROS-vurderinga reflekterer etter formannskapet sitt syn ikkje folkehelseperspektivet. Forslagsstiller blir bedt om vurdere alternative løysingar.
ØV03	201	sjøareal		Omega 365 Areal for Arriva Shipping/ Sandfrakt eiendom	Ølsfjorden: sjøareal utanfor kaiområdet til Arriva shipping til næringsområde.	Bedrifta driv sjøretta verksemd har behov for å utvida kaiområdet, for å få betre djupne og større kai for å dekkja eit potensielt behov for større næringsareal.
ØV04	88	293/18	Øyvind Berge	Dag Olav Berge	Ølensvåg: frå LNF til naust/badestrand	Er ei utviding mot aust av eit regulert naustområde for plass til eit naust på den aktuelle eigedomen. Eksisterande steinpir tilseier at arealet har vore brukt som båtstø tidlegare. Den aktuelle eigedomen har ikkje naust frå før. Badestrand er i samsvar med allereie gjeldande plan. Gjeldande reguleringsplan er frå 1995 og har krav om detaljplan før utbygging av naustområde. Dette kravet bør oppretthaldast.
ØV05	9	292/1	Henry Alvseike	Chaino v/ Reidar Matre	Myrastranda: frå LNF og regulert park/turveg/rasteplass og badeplass til næringsområde land og sjø	Ikkje eit område som plasseringsmessig er eigna til dette føremålet. Ligg langt inne i Ølsfjorden, det er langgrunt og vil krevja svært stor utfylling. Sjå og journalpost 152.
						Vedtak i formannskapet 10.12.2024: Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS: 6. Legg inn næringsområde / havneområde på Myrestranda (292/1) i tråd med innspel.
ØV06	152	292/1	Henry Alvseike	Henry Alvseike	Myrastranda: frå LNF, sjø og friområde til industri på begge sider av E134.	Ikkje eit naturleg område for næring. Sjå og journalnr. 9.
						Vedtak i formannskapet 10.12.2024: Formannskapet sender utkastet på høyring. Før utsending ber formannskapet kommunedirektøren leggja inn fylgjende, med utarbeidd KU og ROS: 6. Legg inn næringsområde / havneområde på Myrestranda (292/1) i tråd med innspel.
	16, 132	292/1	Henry Alvseike	Ølensvåg grendautval	Myrastranda: badeplass/rasteplass	Området er allereie sett av som friområde og parkering i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Ikkje behov for endring i KPA. I konflik med innspel ØV05 og 06.
	45	294/1, 2	Geir Magne Torvestad, Grete Andreassen, Endre Brekke, Johan Brekka, Johannes Brekke, Astrid Hustveit, Vigdis Lærum	Geir Magne Torvestad	Sør for Vågshagen: frå LNF til næring	Næringsareal i tilknytning til framtidig ny E134 med avkjøring til Ølensvåg er ikkje aktuelt i denne planperioden.
	46	294/1	Geir Magne Torvestad	Geir Magne Torvestad	Ølensvåg: frå LNF til bustad	Det er sett av og regulert tilstrekkeleg areal bustadar i Ølensvåg for denne planperioden. Området vil og ha vanskeleg tilkomst og omfattar beite og litt fulldyrka mark.
	47	294/1	Geir Magne Torvestad	Geir Magne Torvestad	Ølensvåg: frå LNF til næring	Arealet er fulldyrka mark på vestsida av Vågselva. Vil krevja ny tilkomst, mogelegvis med kryssing av Vågselva. Det er regulert større areal i reguleringsplanen for Ølensvåg, som kan nyttast til næring.

	66	295/5	Reidar Vågen	Ronny Vågen/Anita Heggebø	Ølensvåg, Vågen: Frå LNF 1 til bustad eller LNF sone 2	Det ligg ei lita "klyngje" av bustadhus i LNF i dette området, men mellom desse husa og den ynskte bustadtomta ligg gardstunet på 295/5. Det let seg derfor ikkje gjera å få eit samanhengande bustadområde av dei eksisterande bustadhusa og den føreslåtte tomta. Å leggja inn eit område berre for <u>ei</u> bustadtomt innafor eit stort samanhengande LNF-område blir ikkje gjort i kommuneplanen. Området vil heller vera ikkje aktuelt for eit areal for spreidd bustadbygging (LNF sone 2) i dette landbruksområdet, og så nær innpå Ølensvåg sentrum.
	88	293/18	Øyvind Berge	Dag Olav Berge	Ølensvåg: frå LNF til bustad for ei bebygd tomt.	Det er berre denne og ein tilgrensande eigedom som er bebygd i dette området, elles er areala LNF. Tilrår ikkje endring til byggjeområde. Tiltak som påbygg, fasadeendring m.m. kan tillatast utan dispensasjon i samsvar med føresegnene for bebygde eigedomar i LNF.
	111	293/7	Lars Arne Berge	Lars Arne Berge	Ølensvåg: frå næring til næring/naust ved Gjerdevik marina (vest for Berge Sag)	Området er regulert til næring i reguleringsplanen for Ølensvåg. Planen opnar for utleige av naust/-buer som del av næring, men ikkje privateige naust.
	128	308/1	Terje Aarekol	Terje Aarekol	Berge: frå LNF til naust	Dette arealet og nokre tilliggjande eigedomar er det einaste området som ikkje er sett av til naust-, bustad- eller næringsføremål på strekninga mellom det store næringsområdet på Bergsneset og nesten heilt til Ølensvåg sentrum. Slike areal bør oppretthaldast som "grøne" og opne område mellom fylkesvegen og sjøen.
	220	314/6, 8, 16	Anders Lunde, Mittdistrikt Invest AS, Agnes/Paul Lande	Sigmund Lunde	Kjellesvik: frå LNF til bustad	Kjellesvik ligg for langt frå skule/barnehage m.m., utan gang- og sykkelveg. Var føreslått som ei husklyngje i førre planprosess, vart teke ut etter motsegner.
	221	305/1	Merete Bergsvåg	Merete Bergsvåg	Ølensvåg, Ørland: frå LNF til bustad	Det er nok bustadareal i Ølensvåg i allereie regulerte område. Det bør ikkje etablerast meir "spreidde" bustadar langs Bjoavegen.
	212	293/7, 16, 21, 23	Lars Arne Berge	Vindafjord kommune	Gjerdevik aust for Vågen skule / bygdahus, på austsida av Skiftesbekken: frå off./privat tenesteyting til LNF	Vart vurdert, men ikkje teke med i reguleringsplanen for Ølensvåg, heller ikkje ev. tilkomst frå vest og over bekken. Området har potensiale for kulturminne.
		310/1, 3	Bjarne/Rebekka Lunde, Haakon Lindøe	Vindafjord kommune	Lundaneset: frå offentleg/privat tenesteyting til LNF	Ta ut areal for offentleg/privat tenesteyting på neset nordaust for skuleområdet, ref. vedteken reguleringsplan for Lundaneset.
		307/2	Knut Arne Strand	Vindafjord kommune	Berge: frå naust til LNF	Smalt areal mellom fylkesvegen og sjøe. Kunne ikkje byggjast ut utan fylling i sjø og det ville vera vanskeleg avkøyringsforhold.
		311/3	Leif Sigurd Lunde	Vindafjord kommune, Leif Sigurd Lunde	Kåta: frå naust til LNF	Etter ynskje frå grunneigar/kjøpar er naustområdet flytta til 312/4 og talet på naust er redusert til 2.